



PROESS AS  
Brusdalsvegen 20  
6011 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

**Sykylven kommune - Eigedom 25/4 - 25/5 - 25/7 - 25/121 - 25/122 m.fl.  
Detaljregulering for F25 ved Nysætervatnet Drabløsmarka  
Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid**

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og bygesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

proESS varslar på vegne av grunneigarar oppstart av planarbeid for detaljregulering for F25 ved Nysætervatnet Drabløsmarka i Sykylven kommune.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for fritidsbustader og naudsynt infrastruktur i samsvar med kommunedelplan for areala kring Nysætervatnet. Det er planlagt utbygging av enkelhytter med høgde og utnyttingsgrad i tråd med kommunedelplanen.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

**Planfagleg**

Fleire reguleringsplanar som legg til rette for hytter ved Nysætervatnet er under arbeidd, både i Sykylven og Stranda kommune.

Vi har tidlegare påpeika behovet for at Stranda og Sykylven kommune bør gå saman og vurdere tolegrense for hyttebygging for området rundt Nysætervatnet. Da tenker vi særleg på tolegrensa for Nysætervatnet som recipient for avløpsvatn. Men det er også viktig for å bevare natur, -landskaps og friluftslivsverdiane i området på tvers av kommunegrensene.

**Natur- og miljøvern**

**Naturmangfold**

Planområdet omfattar myrareal med fleire mindre bekkar.

Regjeringa utarbeida i 2021 Naturstrategi for våtmark. Hovudføremålet er å legge til rette for verdiskaping gjennom berekraftig bruk, der miljøverdiane i våtmark blir halde oppe.

Regjeringa sitt mål for tilstanden i økosystemet våtmark er å

- 1) Bremse dagens nedbyggingstakt for våtmark
- 2) Forbetre den økologiske tilstanden i våtmark

Våtmark gir oss ei rekkje viktige gode økosystemteneste som karbonopptak og karbonlagring, demping av flaum, samt grunnlag for opplevingar og kunnskap, rekreasjon og estetiske effektar. Også verdiar knytt til landskap og kulturminne, blir haldne fram som vesentlege. Våtmarkene er i tillegg viktig for naturmangfaldet.

Det har vore ei nedgang i både areal og økologisk tilstand til våtmark jamfør Menon-publikasjon 42/2018 (Våtmarksrapporten). Det er utbygging eller nedbygging som i stort grad fører til at vi får mindre areal våtmark og at tilstanden til våtmarkene blir dårlegare. Fragmentering er også ein av trugslane.

I 2019 vart det gjort endring i plandelen av plan og bygningslova slik at kommunane i større grad kan planlegge heilskapleg i høve til vassdrag og overvatt med fokus på klimatilpassing. Våtmarkene sitt bidrag til karbonopptak, karbonlagring og demping av flaum har fått stadig større merksemd ettersom kunnskapen om klimaendringar og behov for klimatilpassing har auka.

I utgangspunktet bør ein unngå utbygging på myr. Myr er ein type våtmark som inneholder store mengder karbon som er lagra gjennom tusenvis av år. Plantar som dør i myra vil søkke ned og danne djupe lag av torv. Norske myrar lagrar på fem prosent av landarealet minst 950 millionar tonn karbon, tilsvarende Noregs utslepp av klimagassar i 66 år. Å bevare karbonrike areal vil vere ei vinn-vinn løysing for naturmangfald og klimatilpassing. Natur som våtmark, myr, elvebreidder og skog har verdi i seg sjølv, og kan dempe verknadene av klimaendringar.

Planforslaget må i tillegg til ikkje å bygge ned myr unngå inngrep som endrar vasstilsig og vassbalanse og gir indirekte negative verknader for myrareala.

Det er registrert sitkagran og buskfuru innafor planområdet. Dette er artar som er vurdert til å vere av svært høg risiko for naturmangfaldet i Noreg, med stort invasjonspotensiale og høg økologisk effekt. Vi rår til at ein i planprosessen vurderer grep for å fjerne førekomensten, eventuelt hindre vidare spreieing. I føresegnene kan ein stille krav til handtering av massar i anleggsfasen for å redusere spreiingsfaren.

Vi minner om naturmangfaldlova § 7 som stadfester at dei miljørettslege prinsippa i lovas §§ 8 til 12 skal leggast til grunn ved utøving av offentleg mynde. Prinsippa er reglar for sakshandsaming som skal sikre at naturmangfald blir vurdert ved utøving av mynde som påverkar natur.

### Landskap

Hyttene må tilpassast terrenget og ein bør la mykje av vegetasjonen og grøne areal få stå urørt. For å redusere landskapsverknadene når det er mørkt må føresegnene regulere bruk av utelys.

### Friluftsliv

Planområdet ligg delvis innafor eit område som i gislink er registrert som regionalt viktig friluftsområde. Dette er eit sentralt utfartsområde for store delar av sunnmøre, med fleire stiar og turløyper som blir nytta heile året.

For dei som skal ha hytter i området vil det vere verdfullt om det er lagt inn større areal med samanhengande grønstruktur, som bevarer natur-, landskaps og friluftslivsverdiane like ved hytta. Om det blir bygd tett og det blir lite att av den opphavlege naturen i området risikerer ein å miste kvalitetane området har i dag.

Vi føreset at planomtalen gjer greie for viktige friluftsområde innanfor planområdet. Til dømes om det området er nytta som utgangspunkt for turar i fjellet i form av etablerte stiar eller parkeringsareal. Desse bør i så fall sikrast i plankartet.

### Vassdrag

Vatn er livsmiljø for ein lag rekke levande organismar, frå planter til insekt til fuglar, fisk og pattedyr. Livsmiljøa i vatn og vassdrag er ofte sårbare for endringar som følgje av utslepp eller inngrep. Gjennom arealplanlegging kan kommunen bidra til å ivareta eit godt miljø i vatn og vassdrag. Vassmiljø omfattar økologiske og kjemiske tilhøve i ein vassførekomst.

Det er eit nasjonalt mål at økosistema skal ha god tilstand og levere økosystemteneste. Det er også eit nasjonalt mål at forureining ikkje skal skade helse og miljø. Dette er mål Noreg ønsker å oppnå, og heile samfunnet har ansvar for at vi når måla.

Gjennom arbeidet med vassforvaltning er det fastsett miljømål for alle vassførekomstar. Kommunen skal i utgangspunktet ikkje planlegge noko som gjer at miljømåla ikkje kan nåast.

Av regional vassforvaltningsplan går det fram kva som er miljømålet for vassførekomstane i regionen, og når desse skal nåast. Planane skal leggast til grunn for kommunens planlegging.

Statsforvaltaren har lenge vore uroa for Nysætervatnet som recipient. Den planlagde utbygginga av hytter sin påverknad på Nysætervatnet som recipient må utgreiaast. Då tenker vi særleg på auka hyttebygging og tilsvarande auke i avløpsvatn til Nysætervatnet, og kva dette har å seie for miljømåla for vassdraget. Her kjem ein ikkje utanom å gjere ei vurdering av påverknad frå eksisterande hytter samt frå planlagde hytteutbyggingar for reguleringssplanar under utarbeiding. Dette må vurderast opp mot økologisk og kjemisk tilstand i recipienten (Nysætervatnet).

Vi varslar at vi vil fremme motsegn til planforslaget om det kjem i konflikt med godkjent regional vassforvaltningsplan eller om krava i vassforskrifta § 12 for å tillate ny aktivitet og nye inngrep i strid med miljømøla, jamfør Rundskriv T-2/16 punkt 3.7. Dette omfattar også manglande utgreiingar av temaet.

Det er mange små bekkar i området. Livet i elvar og bekkar i stor grad avhengig av vegetasjonen langs vassdraget. I tillegg til å vere eit tydeleg landskapselement har kantvegetasjonen stor betyding for økosystemet i og langs vassdraget og kan bidra til å redusere erosjon. Vassressurslova § 11 om kantsoner stadfester at det skal oppretthaldast eit naturleg vegetasjonsbelte langs vassdrag med årssikker vassføring som motverker avrenning og gir levestad for planter og dyr. Vi ber om at dette blir følgt opp og sikra i plankartet.

Vi ber om at ein vurderer om areala næra Nysætervatnet bør få lågare utnyttingsgrad og redusert storlek på hytter, samt bevare større delar av vegetasjonen og naturområde rundt hyttene. Dette vil gje mindre uheldig landskapsverknader mot vatnet og samtidig redusere verknaden for allmenne interesser. Plana må sikre at sona langs Nysætervatnet ikkje blir privatisert.

## **Samfunnstryggleik og klimatilpassing**

Vi ser det skal gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Det er allereie i oppstartsmøtet peika på forhold som er aktuelle å avklare i ROS-analysen..

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt. DSB har utarbeidd ein rettleiar *Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*. Denne tilrår mellom anna at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen

Vi gjer merksam på *Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*. Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. «[Klimaprofil Møre og Romsdal](#)» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket.

Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggjast vekt på gode heilsakplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Det skal grunngjevast dersom naturbaserte løysingar ikkje veljast. Miljødirektoratet har laga ein [rettleiar](#) til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar.

## **Konklusjon**

Vi viser til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Sveinung Parr Dimmen (e.f.)  
samordnar

Jorunn Mittet Eriksen  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

**Fagsaksbehandlar**  
Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

SYKKYLVEN KOMMUNE  
Norges vassdrags- og energidirektorat Region Vest  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
STATENS VEGVESEN

Kyrkjevegen 62      6230      SYKKYLVEN  
Naustdalsvegen 1b    6800      FØRDE  
Fylkeshuset            6404      Molde  
Postboks 8142 Dep    0033      OSLO



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

PROESS AS  
Brusdalsvegen 20  
6011 ÅLESUND

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	13.05.2022	64328/2022/REGULERINGSPLAN/1528	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	16.06.2022

## **Sykylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan - F25 Nysætervatnet, Drabløsmarka – fråsegn ved oppstart**

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

Saka gjeld oppstart av planarbeid for detaljregulering for F25 ved Nysætervatnet Drabløsmarka, og legge til rette for fritidsbustader og naudsynt infrastruktur i samsvar med kommunedelplan for areala kring Nysætervatnet.

### **INNSPEL TIL PLANARBEIDET**

#### **Samferdsel**

Reguleringsplanforslaget si hensikt er å legge til rette for utbygging, med tilhøyrande auke/bruk av kryss fv 60-kv Nysætervegen og fylkesvegnettet. Med omsyn til trafikktryggleik og god trafikkavvikling ser fylkeskommunen det som svært viktig at det blir beskrive og vurdert om gjeldande, tekniske krav til kryss (jf. N100) er/kan bli oppfylt for kryss fv 60-kv Nysætervegen. Dersom det bli avdekka behov for utbetringar av krysset må dette bli sikra som rekkefølgjeføresegn i reguleringsplanen.

Manglande beskriving og vurdering av nemnde kryss, samt sikring av omsyn til trafikktryggleik, kan gi heimel for motsegn, jf. veglova §§ 1 a og 9.

#### **Automatisk freda kulturminne**

Vi har ingen merknad til planforslaget, men ber om at følgjande tekst blir tatt med i reguleringsføresegna:

Vi er ikkje kjent med at det er registrert automatisk freda kulturminne i det aktuelle området og har såleis ingen spesielle merknader knytt til tiltaket. Vi ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området, og gjer merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, til dømes funn av kolhaldige konsentrasjonar med stein/brent stein eller slagg etter jernproduksjon som kan vitne om produksjonsanlegg av kol, jarn og tjære, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen for avklaring jf. kulturminnelova § 8 andre ledd. Tiltakshavar pliktar å underrette den som skal utføre arbeidet om dette, men står også sjølv ansvarleg for at det blir overhaldt.

## KONKLUSJON

Ber om at merknadane ovanfor blir tatt omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Ingeborg Forseth  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

### Fagsaksbehandlar

Samferdsel: rådgivar Ida Sigerseth, tlf. 71 28 05 48

Automatisk freda kulturminne: rådgivar/arkeolog Susanne Busengdal tlf. 98 63 17 74

Kopi:  
Sykkylven kommune  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Statens vegvesen  
NVE

PROESS AS  
Brusdalsvegen 20  
6011 ÅLESUND

**Vår dato:** 14.06.2022  
**Vår ref.:** 202210187-2 Oppgis ved henvendelse  
**Deres ref.:** Sindre Øen

**Saksbehandler:** Ole-Jakob Sande,  
22959545, ojs@nve.no

## **NVEs innspill til varsel om oppstart av detaljregulering for område F25 ved Nysætervatnet - Drabløsmarka Gnr. 25 bnr. 4 mfl. i Sykkylven kommune**

Vi viser til brev datert 04.05.2022. Saken gjelder varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering for område F25 ved Nysætervatnet – Drabløsmarka Gnr. 25 bnr. 4 med flere i Sykkylven kommune. Formålet med planarbeidet er å legge til rette for utbygging av fritidsboliger og nødvendig infrastruktur iht. kommunedelplanen.

### **Om NVE**

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormyndighet med innsigelseskompetanse innenfor saksområdene flom-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knyttet til vassdrag og grunnvann, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å bistå kommunene med å forebygge skader fra overvann gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og veiledning om hvordan nasjonale og vesentlige regionale interesser innen disse saksområdene skal tas hensyn til ved utarbeiding av arealplaner etter plan- og bygningsloven (pbl).

### **NVEs konkrete innspill**

#### *Skredfare i bratt terreng*

Deler av planområdet ligger i aktsomhetsområde for Snøskred og Steinsprang (NGI) og jord- og flomskred, jf. [NVE Atlas](#).

I planarbeidet må det avklares om skredfaren er reell. Eventuell fare må reguleres med hensynssone (jf. pbl § 12-6) med tilhørende bestemmelser som ivaretar sikkerheten i henhold til sikkerhetskrava i byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3. Dersom det er behov for sikringstiltak eller restriksjoner på arealbruken for å oppnå tilstrekkelig sikkerhet anbefaler vi til at aktuelt område inngår i planen.



NVE har utarbeidet veileder for [kartlegging av skredfare i bratt terreng](#). NVEs mål er at veilederen skal være et godt hjelpemiddel for kommuner og tiltakshavere som skal bestille utredninger, og gi klare retningslinjer for krav til innhold i rapportene. Veilederen stiller krav til [kompetanse](#) for foretakene som skal stå for vurderingene, og at kompetansen må dokumenteres.

NVE anbefaler at veilederen blir brukt ved bestilling av konsulentrapporter, samt at rapportene er utarbeidet i henhold til veilederen.

### *Flom, erosjon og overvann*

I planområdet er det mange mindre vassdrag og bekker i myrområde. I arbeidet med ROS-analysen må planlagt utbygging vurderes i forhold til fare for flom, erosjon og overvann. Aktsomhetskartet for flom i NVE Atlas fanger ikke opp de små vassdraga, men endring i avrenningsmønsteret som følge av utbygging er forhold som må avklares. Norsk klimaservicesenter har utarbeidet Klimaprofil for Møre og Romsdal og NVE anbefaler å legge kunnskapen i klimaprofilen til grunn i planarbeidet. Vurdering av disse forholda må komme fram i ROS-analysen.

Mer utbygging i nedbørfeltet gir større del tette flater. Dette kan føre til større avrenningsfart og større mengder vann på terrenget overflata (overvann). En slik økning kan i verste fall føre til flom i utbyggingsområde og i vassdraga. Det er viktig å være oppmerksom på at ny utbygging også kan være til hinder for avrenning ovenfra, som igjen kan føre til skader på bygninger og/eller lede overvannet til uønskede steder.

NVE anbefaler å bruke tretrinnsstrategien som verktøy for å håndtere nedbør og overvann, hovedsakelig på overflata. Et viktig prinsipp er å sikre en så «naturlig» overvannshåndtering som mulig. Åpne løsninger er bedre enn lukka løsninger. Dere må også avklare og ta hensyn til effekt av klimaendringene på avrenninga.

Dere bør kartlegge eksisterende avrenningslinjer i og ved planområdet. Dersom det er nødvendig med konkrete krav om infiltrasjon og fordrøyning av overvann innenfor planområdet fordi nedstrøms kapasitet er for dårlig, anbefaler vi at tiltaka blir innarbeidet i plankartet og bestemmelsene. Fremtidige flomveier for trygg avledning av overvann bør vises i plankartet og sikres tilstrekkelig kapasitet.

### *Vassdragsmiljø*

Ifølge vannressurslova (vrl) § 11 skal det langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring opprettholdes et avgrensat naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning og gir leveområde for planter og dyr. Bredden på vegetasjonsbeltet kan fastsettes i reguleringssplanen. Arealbrukskategorien «Bruk og vern av sjø og vassdrag», jf. pbl § 12-5 nr. 6, bør benyttes til å merke vannstreng med f.eks. underkategorien «Natur og friluftsliv».

Dersom planen innebærer inngrep i vassdraget må det gjøres rede for om det er knyttet allmenne interesser til vassdraget, og hvordan inngrepet påvirker disse interessene.



Eksempel på allmenne interesser er fiskens frie gang, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfold, vitenskapelig interesse, hensyn til kultur og landskap, jordvern, omsyn til flom og skred osb. Det bør også gjøres greie for eventuelle kompenserende tiltak for å redusere konsekvenser for allmenne interesser.

NVE kan fastsette at tiltak som er tillate i reguleringsplan ikke trenger særskilt løyve etter vrl, jf. § 20 om samordning av løyve. Ei koordinert handsaming forutsetter at planen gir en god beskrivelse av tiltaka og at konsekvensene for allmenne interesser er vurdert.

### **Generelle råd**

For å få en fullstendig oversikt over hvordan dere kan ta hensyn til våre tema i reguleringsplanen anbefaler vi dere å bruke våre [internetsider for arealplanlegging](#). Her er informasjonen og veiledningen lagt opp etter plannivå. Vi vil særlig vise til [Kartbasert veileder for reguleringsplan](#). Veilederen leder dere gjennom alle våre fagområde, og gir dere verktøy og innspill til planarbeidet. Den som utarbeider planen, har ansvar for at disse interessene blir vurdert i planarbeidet.

### **NVEs oppfølging av planarbeidet**

Dersom planen berører NVEs saksområder, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumentene må det gå tydelig fram hvordan de ulike interessene er vurdert og innarbeidet i planen. Alle relevante fagutredninger innen NVEs saksområder må være vedlagt planer som sendes på høring til NVE. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE.

NVE prioritærer å gi innspill og uttalelser til reguleringsplaner der det bes om faglig bistand til konkrete problemstillinger. Etter en faglig prioritering gir vi bistand til de kommunene som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVEs saksområder.

Med hilsen

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande  
Senioringeniør

*Dokumentet blir sendt uten underskrift. Det er godkjent etter interne rutiner.*



**Mottakere:**  
PROESS AS

**Kopimottakere:**  
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
SYKKYLVEN KOMMUNE



## Statens vegvesen

PROESS AS  
Brudsalsvegen 20  
6011 ÅLESUND

Behandlende enhet: Saksbehandler/telefon: Vår referanse: Deres referanse: Vår dato:  
Transport og samfunn Vidar Neraas / 71274773 22/99639-2 25.05.2022

### — Uttale til varsel om oppstart av reguleringsplan – Gnr. 25 bnr. 4, 5, 7, 121 og 122 m. fl – F25 Nysætervatnet – Drabløsmarka – Sykkylven kommune

Vi viser til brev datert 04.05.2022.

#### Saken gjelder

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for fritidsbebyggelse i samsvar med kommunedelplan for Nysætervatnet.

#### Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vognormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Statens vegvesens samfunnsoppdrag er «å utvikle og tilrettelegge for et effektivt, tilgjengelig, sikkert, og miljøvennlig transportsystem».

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet betyr at Statens vegvesen har et overordnet ansvar for at trafikksikkerhet, klima og miljøhensyn og helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlige, fylkeskommunale og kommunale veger, gater og løsninger for gående og syklende.

#### Statens vegvesens innspill til planarbeidet

Vi har ingen merknader til at det startes planarbeid her i samsvar med kommunedelplanen. Vi forutsetter at bestemmelser og retningslinjer følges i planleggingen, og vil fremheve særlig bestemmelse § 2.4 vedrørende rekkefølgekrav til infrastruktur.

Transportforvaltning midt  
Med hilsen

Linda Heimen  
seksjonssjef

Vidar Neraas  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE  
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE  
SYKKYLVEN KOMMUNE, Kyrkjevegen 62, 6230 SYKKYLVEN



proESS AS  
Brusdalsvegen 20  
6011 Ålesund

Dykker ref.:	Vår ref.:	Saksbehandlar:	Dato:
-	SAK0000073557	Natalie Østrem	13.06.2022

## **Innspel til oppstart detaljregulering område F25 ved Nysætervatnet - Drabløsmarka - gnr. 25 bnr. 4, 5, 7, 121 og 122 m.fl.**

Vis til dykker brev av 04.05.2022.

*Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap ÅRIM er eigm av syv kommunar i Ålesundregionen. Selskapet er oppretta for å handtere lovpålagde oppgåver innan hushaldsrenovasjon og slam i eigarkommunane, og tilbyr i tillegg avfalls- og slamtenester til private og kommunale verksemder i regionen.*

*ÅRIM sine eigarkommunar har vedteke forskrift om hushaldsayfall og slam i Ålesundregionen. Forskriftene er heimla i forureiningslova og er i hovudsak likelydande og regulerer t.d. kva eigedommar som er renovasjonspliktige, korleis renovasjonstenestene skal utførast og rett til fritak. I medhald til § 13 i forskrift om hushaldsayfall og slam pliktar alle som foreslår ein reguleringsplan i regionen å utarbeide ein renovasjonsteknisk plan for det området planforslaget omfattar.*

### **Innspel til oppstart detaljregulering område F25 ved Nysætervatnet - Drabløsmarka - gnr. 25 bnr. 4, 5, 7, 121 og 122 m.fl.**

Hushaldningsavfallet frå hytter, støylar og andre fritidseigedomar i områder der ÅRIM har etablert fellespunkt for hytterenovasjon, må den enkelte abonnenten sjølv syte for å bringe til fellespunkt for hytterenovasjon. Avfallet må vere emballert etter ÅRIM sine retningslinjer. Avfall som ikkje får plass i oppsamlingsining må abonnenten bringe til miljøstasjon.

Med helsing

**Natalie Østrem, miljørådgivar**



[post@arim.no](mailto:post@arim.no) | natalie.ostrem@arim.no

Telefon 70 41 31 00 | 988 73 899

## Maria Skylstad

---

**Fra:** Torill Myren <torill@ekkoloddet.no>  
**Sendt:** 10 June 2022 13:22  
**Til:** Post  
**Kopi:** myrenkjetil@gmail.com  
**Emne:** Detaljregulering F25 Nysætervatnet Drabløsmarka  
**Vedlegg:** 25\_54 Frådeling av hyttetomt 1200 m2.jpg


Vi eig 25/54 som er ein del av detaljreguleringsplanen for F25 ved Nysætervatnet Drabløsmarka.

Vi har ei tid tenkt på å dele frå ei tomt frå området vi eig, og ønskjer at det no blir teke med i denne detaljereguleringsplanen.

Vi må sjølvsgart bli orienterte om kva det vil medføre av kostnader for oss.

Vedlagt ligg kart der vi har teikna inn korleis vi ønskjer at det skal gjerast, og vi ber om at de tek kontakt dersom dette er grenselinjer som må justerast på nokon måte.

Torill Myren  
Mobil 902 01 235



## **Maria Skylstad**

---

**Fra:** Kenneth Hjellegjerde <kenneth@furn.no>  
**Sendt:** 17 June 2022 13:08  
**Til:** Post  
**Kopi:** Kenneth Hjellegjerde  
**Emne:** VS: Hyttetomten  
**Vedlegg:** Oppdeling hyttetomt Fjellsætra Otto Helge Hjellegjerde..pdf

Hei.

Innspel til oppstart planarbeid for f25 ved nysætervatnet.  
Vi ønsker at vår tomt deles i tre som vedlegg.


Med vennlig hilsen/ Best Regards/Mit freundlichen Grüßen

Kenneth Hjellegjerde  
Tlf: +47 928 99 000

---

**Fra:** Kenneth Hjellegjerde  
**Sendt:** fredag 22. april 2022 09.33  
**Til:** Maria Skylstad <maria@proess.no>  
**Emne:** VS: Hyttetomten

## Otto Helge Hjellegjerde Oppdeling av tomt i 3 deler.



## Markslag (ARS) 7 klasser

0 10 20 30m

Målestokk 1:1000 ved A3 liggende utskrift

Dato: 31.03.2022 08:22 - Etendomsdata verifisert: 31.03.2022 08:07 - Side 1 av 1

NIBIO  
Norges institutt for  
bioteknologi

**Frå:** Sindre Øen <Sindre@proess.no>  
**Send:** 26. mars 2022 16:43  
**Til:** Postmottak Sykkylven kommune; Arild Sunde Rinnan  
**Kopi:** Maria Skylstad; Pernille Lervåg; Bernt Are Lervåg  
**Emne:** 21328 - Anmodning om oppstartsmøte - del av Felt F25 i  
kommunedelplan for areala kring Nysætervatnet  
**Vedlegg:** 21328-Planinitiativ\_Sykkylven kommune 240322.pdf

**[ADVARSEL]** Avsendar på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikke klikk på lenke eller opne vedlegg om du ikke kjenner avsendar eller er trygg på at innhaldet er sikkert..

Hei,

I forbindelse med planlagt detaljregulering av fritidsbebyggelse for felt F25 i kommunedelplan for areala kring Nysætervatnet ber vi om et oppstartsmøte. Vedlagt oversendes planinitiativ.

Ser frem til tilbakemelding om møtetidspunkt.  
Ta kontakt om noe er uklart.

Med vennlig hilsen



Maria Havnegjerde Skylstad  
Arealplanlegger | Tlf: 95127976  
[maria@proess.no](mailto:maria@proess.no)

Brusdalsvegen 20, 6011 ÅLESUND  
[post@proess.no](mailto:post@proess.no) | [www.proess.no](http://www.proess.no) | [Facebook](#) | [Instagram](#)

## PLANINITIATIV

Før oppstart av private forslag til reguleringsplanar, skal det haldast eit formelt oppstartsmøte (plan- og bygningsloven § 12-8.)

For at kommunen skal ha et best mulig grunnlag for vurdering av planinitiativ og gjennomføring av oppstartsmøte, må forslagsstiller/plankonsulent omtale premissa for det videre planarbeidet og gjøre greie for ei rekke punkt, jf. *forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven*.

Dette kan gjerast i skjemaet under eller ei liknande framstilling. Punkta fylles ut så lang det er mulig på dette stadiet i prosessen.

Planinitiativet og eventuelle vedlegg sendas til postmottak@sykkylven.kommune.no. Eller til Rådhuset, Kyrkjevegen 62, 6230 Sykkylven.


Merkes med: "Forslag til detaljregulering for «*plannavn*» - planinitiativ".

<b>1. Plankonsulent og forslagstiller</b>	
Fagkunnig plankonsulent	
Firma	proESS AS
Kontaktperson for prosjektet	Maria Skjelstad, Sindre Øen
E-post	<a href="mailto:maria@proess.no">maria@proess.no</a> - <a href="mailto:sindre@proess.no">sindre@proess.no</a>
Telefonnummer	95127976 - 934 41 312
Forslagstiller	
Firma/privatperson(er)	Grunneiere v/ Bernt Are Lervåg
Kontaktperson for forslagstiller	Bernt Are Lervåg
Adresse	Fjellsætra, Sykkylven
<b>2. Eigedomsopplysningar</b>	
Gards- og bruksnummer	Del av 25/4, 25/5, 25/121, 25/7, 25/122, 25/5 + en del eks. hytter i området.
Adresse/stadnamn	Fjellsætra, Sykkylven
Eigars namn	Flere grunneiere
<b>3. Forslag til plannamn</b>	
Drablosmarka, del av F25 i kommunedelplan for Nysetervatnet	
<b>4. Formålet med planen, jf. § 1, andre ledd, bokstav a)</b>	
Regulering er planlagt i tråd med gjeldende kommunedelplan, dvs. fritidsboligformål med tilhørende infrastruktur.	


**5. Grei ut om planområdet og om planarbeidet vil få virkingar utanfor planområdet, jf. § 1, andre ledd, bokstav b)**

Eksisterende samleveg strekker seg gjennom planområdet, og det er etablert flere fritidsboliger i området. Det er ønske om en vurdering av om det er hensiktsmessig å inkludere i planområdet et tidligere regulert areal nord for vestlig del av planområdet.

Det er ellers ingen åpenbare virkninger for areal utenfor planområdet.




Figur 1 Forslag til planområde i grunnkart



Figur 2 Forslag til planområde i kommunedelplanen.




SYKKYLVEN



Figur 3 Forslag til planområde sett i forhold til eksisterende planer i området.

#### 6. Gjer greie for planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak, jf. § 1, andre ledd, bokstav c)

Man ønsker å tilrettelegge for etablering av fritidsboliger. Forslagsstiller har utarbeidet en skisse som viser en mulig utnytting og mulige vegtraseer. Skissen vil gås gjennom i oppstartsmøtet.



Figur 4 Skissen viser en mulig løsning for fritidsboliger og vegsystem, både eksisterende og fremtidige.

#### 7. Gjer greie for utbyggingsvolum og byggehøgder, jf. § 1, andre ledd, bokstav d)

Stikkord: Høgder, grad av utnytting (BRA og BYA)

Man ser for seg å tilrettelegge for utbygging i samsvar med kommunedelplanen.




SYKKYLVEN

**8. Gjer greie for funksjonell og miljømessig kvalitet, jf. § 1, andre ledd, bokstav e)**

Stikkord: Uteoppholdsarealer, veggtilkomst, endringer i trafikkbildet, parkering osv.

Planområdet er plassert nær turterren, Nysætervatnet og skisenter, og man ser for seg at fritidsboliger vil ha gode kvaliteter. Det er forholdsvis hellende terreng i området og terrenget stiger mot sør.



Figur 5 Planområdet er avmerket med blå stiplet linje i oversiktskart.


**9. Gjer greie for tiltakets verknad på, og tilpasning til, landskap og omgjevnader, jf. § 1, andre ledd, bokstav f)**

Stikkord: Beskrive landskapet, topografi, strøkets karakter osv.


Det vil bli tilrettelagt for terrengryping i samsvar med kommunedelplanen. Området vil være synlig fra motsatt side av Nysætervatnet.

**10. Gjer greie for vesentlige interesser som blir berørt av planinitiativet, jf. § 1, andre ledd, bokstav h)**

Ingen spesielt kjente på nåværende tidspunkt.



Figur 6 Planområdet er så vidt berørt av areal registrert som våtmarker i nordøstlig del av planområdet. Arealet er plassert innenfor kartleggingsområde for naturtype NiN, for øvrig uten andre registreringer pr i dag enn fremmede arter buskfuru og sitkagran. Ingen kulturminner er registrert i området.



Figur 7 Store deler av planområdet er registrert med dyrkbar jord

**11. Gjer greie for korleis samfunnssikkerhet skal bli ivaretatt, blant anna gjennom å førebygge risiko og sårbarheit, jf. § 1, andre ledd, bokstav i)**

Ved å vurdere planområdet i forhold til offentlige databaser, får vi oversikt over registrerte naturfarer. Kart i databasen Miljøstatus viser at det kan være nødvendig å undersøke nærmere om deler av planområdet har fare i forhold til snøskred, jord- og flomskred, snø og steinsprang.

I tillegg har planområdet mange sikler/bekker, og det bør avklares om disse må hensyntas i planarbeidet og om de har årssikker vannføring.



**Figur 4** Kartutsnitt viser at planområdet har aktionsområder for snøskredfare, jord og flomskredfare, snø og steinskredfare i kart fra NGI. Det finnes flere mindre bekker innenfor planområdet, men det er uvisst pr i dag om disse har årssikker vannføring.

**12. Gjer greie for kva offentlige organer og andre interesserte som skal varsles om planoppstart, jf. § 1, andre ledd, bokstav jj)**

NVE, Statsforvalter, Fylkeskommunen, SVV, energiselskap. Ellers i henhold til liste fra kommunen.

**13. Gjer greie for prosesser for samarbeid og medverknad frå berørte fagmyndigheter, grunneigarar, festere, naboer og andre berørte, jf. § 1, andre ledd, bokstav kj), og § 2, andre ledd bokstav a)**

Vanlig varsling og eventuell direkte kontakt/møter med de som kommer med merknader til planarbeidet.

**14. Vurdering av om planen er omfattet av forskrift om konsekvensutredninger, og hvordan kravene i tilfelle vil kunne bli ivaretatt, jf. § 1, andre ledd, bokstav l)**

Vurderes som ikke relevant i denne sammenheng siden det skal planlegges i samsvar med overordnet plan.

**15. Andre forhold**

Tema	Kommentar
Er området utsatt for flaum, ras eller usikre grunnforhold?	Se punkt 11

Ja: X Nei:	
Berører forslaget viktig natur?	
Ja: Nei: X	Ingen kjente
Er området utsatt for støy eller annen forureining?	Ingen kjente
Ja: Nei: x	
Er det forureina grunn i området?	Ingen kjente
Ja: Nei: X	
Er det behov for rekkjefølgjekrav for å løye utfordringar utanfor planområdet?	Ingen kjente
Ja: Nei: x	
Kva er hovudutfordringane til prosjektet?	Finne gode løsninger for internveger og tomteinndelinger. Avklare om det er naturfare i området.
Kva ønskjer forslagsstiller at kommunen skal bidra med underveis i planarbeidet? <i>Jf. § 2, andre ledd, bokstav e)</i>	Ingen spesielle. Generell veiledning.
Ønskjer forslagsstiller parallel prosess plan og bygesak, <i>jf. plan ogbygningsloven § 12-15? Jf. § 2 andre ledd, bokstav d)</i>	
<b>16. Spørsmål som forslagstiller ønskjer avklart i oppstartmøtet med kommunen</b>	
Plangrense, bør areal i nordvest tas med i reguleringsplanen. Info om lokale forhold som kan ha betydning for planarbeidet. Informasjon om regelverk og forskrifter som skal gjøres gjeldende i planarbeidet.	
<b>17. Vedlegg til planinitiativet</b> Stikkord: Forslag til planavgrensning, skisser for området, bygnader, utfyllande informasjon om enkelpunkt o.l	
Kartutsnitt er angitt i selve dokumentet.	

## Maria Skylstad

---

**Fra:** Post  
**Sendt:** 15 June 2022 11:02  
**Til:** Maria Skylstad; Bjørn Leinebø; Sindre Øen  
**Emne:** VS: AngåendeVarsel om oppstart detaljregulering for F25 ved Nysætervatnet  
**Vedlegg:** 4.2 Temakart Kjerneområde landbruk.pdf; sykylven-2011 Naturtyper.pdf; 4.7 Temakart SårbareObjekt.pdf

---

**Fra:** fredrik sigurdh <fredriksigurdh@gmail.com>

**Sendt:** tirsdag 14. juni 2022 20:29

**Til:** Post <post@proess.no>

**Emne:** Angående

### Varsel om oppstart detaljregulering for F25 ved Nysætervatnet

Området som beskrivs i planen

Er og det område jag beskriver, något av de sista naturskogsområdena/oberörda fjellskogsområde i Kommunen (fylket?)

Kanske till og med Urskog, en definition som må ses närmare på

Skogsområde der ripa och andre skogs- och fjellfuglar, söker sin tillflykt, under vintermånaderna

Ripe beståndet har, efter flera år med minkande bestånd - återigen tagit upp kraftigt i området på fjellet

Ikke minst ett område hjort stammen har ett viktigt område

Området som beskrivs

### Har det släppts dyr i tusentals år och som per idag är uråldrig äng/slättermark samt storlagen myrmarken (fjelleng)

En myrmark som borde vara mycket intressant som biologisk mångfald i nationell nivå

Än viktigare är lokala bönder utmarksbete, som i stor drag blivit kraftigt påverkat i negativt förstånd

P.g.a utbyggning på Fjellseter och runt Nysetervatnet

En ytterligare påverkan av viktigt utmarksbete och utveckling av infrastruktur runt hytteutbyggnings

Är starkt negativt för Norsk Matsikkerhet och driftsmöjligheter för framtida gårdsdrift

Nedbyggning av utmark påverkar hela Norge negativt och Sykkylven kommun

Är inget undantag

Hänvisar också till vedöagda dokument


Där ni kan fördjupa er i fakta om flora och fauna, rödlistade arter och ett område som är A klassifierat, enligt nationell standard

Mvh

Fredrik Sigurdh

Tlf 94220519





## Sykylven kommune

### Reguleringsplan for områda kring Nysætervatnet

Temakart – Friluftsliv

(oppdatert etter spørjeundersøkinga på Fjellsetra 2011)

Utarbeidd av:

SYKKYLVEN KOMMUNE  
Tekniske tenester, planavdeling

Målestokk:  
M. 1 : 20000

Revidert:  
12.12.12


Sakshandsamar:  
A. Siejak




**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**  
Miljøvernavdelinga

## **Supplerande kartlegging av naturtypar i Sykkylven 2010**

**Rapport 2011:05**



Utførande konsulent: Dag Holtan	Kontaktperson/prosjektansvarleg: Dag Holtan E-post: <a href="mailto:dholtan@broadpark.no">dholtan@broadpark.no</a>	ISBN: 978-82-7430-210-5 (papir) 978-82-7430-211-2 (nett)
Oppdragsgjevar:  Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Kontaktperson hos oppdragsgjevar:  Kjell Lyse	ISSN: 1891-876X  År: 2011
<b>Referanse:</b> Holtan, D. 2011. Supplerande kartlegging av naturtypar i Sykkylven kommune. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga, rapport nr. 5 - 2011: 64 s. ISBN 978-82-7430-210-5 (papirutgåva).		
<b>Referat:</b> Det er gjennomført supplerande kartlegging av naturtypar i Sykkylven kommune i Storfjorden på Sunnmøre. Av i alt 22 avgrensa objekt med nytt feltarbeid eller endra omtale sidan kartlegginga i 2003 er 10 vurdert som svært viktige for det biologiske mangfaldet (A), 11 som viktige (B) og eitt som lokalt viktig (C). Dei fleste av dei nye områda er i skog og kystfjellhei. Store naturverdiane i Sykkylven er fordelt på fleire naturtypar, som gråor-heggeskog, gammal bjørkeskog og gammal furuskog, dessutan ein del i kulturlandskap, rikmyrar, litt rike fjellområde og kystfjellheier. Av raudlisteartar er det no kjent 7 karplanter, 17 soppar, ein mose og ein art lav. I tillegg kjem ein del viltartar og andre artar som ikkje blir omfatta av denne rapporten.		
<b>Emneord:</b>  Sykkylven Naturtypar Raudlisteartar Verdisetting		
Fagansvarleg:	For administrasjonen:	
 Ulf Lucasen (seksjonssjef)	 Per Fredrik Brun (direktør miljøvernavdelinga)	

*Framsidebildet viser sunnmorsmarikåpe, som er Sykkylven si plante, etter postkortaksjonen til miljøvernministeren for ei tid tilbake. Den har gode bestandar i Baklidalen innanfor Megardsdalen. Foto: Dag Holtan.*

# Forord

På oppdrag frå fylkesmannen i Møre og Romsdal, har biolog Dag Holtan utført supplerande kartlegging av naturtypar i Sykkylven kommune. Oppdraget har omfatta kartlegging, verdisetting og avgrensing av naturtypar med artsinformasjon (unntatt vilt), ved både eigne feltundersøkingar og innsamling og systematisering av eksisterande informasjon, og er ei vidareføring av arbeidet frå 2003. Mykje av feltarbeidet gått med til nykartlegging i skog og kystfjellheiari.

Bakgrunnen for kartlegginga av naturtypar er mellom anna den politiske målsetjinga, uttrykt i Stortingsmelding 58 (1996-97), om at alle kommunar i landet skal kartlegge og ha oversikt over viktige område for biologisk mangfald på sitt areal. Noreg har òg, saman med fleire andre land, sluttar seg til ei internasjonal målsetjing om å stanse tap av biologisk mangfald innan 2010, det såkalla 2010-målet ("Countdown 2010", no justert til 2020). For å kunne ta vare på biologiske verdiar må ein vite kva verdiar ein har og kor desse finst. Den føreliggjande oversikta over verdifulle naturtypar i Sykkylven er nok eit viktig steg på vegen i å få betre kunnskap om dei biologiske verdiane i kommunen.

Underteikna takkar for eit godt samarbeid med Kjell Lyse ved fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Feltarbeidet er utført av Dag Holtan i perioden mai til oktober 2010. Perry Larsen (Skodje) har delteke i mykje av feltarbeidet, men òg Karl Johan Stadsnes frå kommunen. Resultata frå feitturar på fritida i perioden 2005 – 2009 er inkludert i områdeskildringane.

Ørskog 24.03.2011

Dag Holtan

# Innhold

FORORD	3
INNHALD	4
SAMANDRAG	6
1 INNLEIING	9
1.1 BAKGRUNN	9
1.2 KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?	10
1.3 VERDIEN AV BIOLOGISK MANGFALD	11
1.4 TRUGSMÅL MOT DET BIOLOGISKE MANGFALDET	12
1.4.1 Fysiske inngrep	12
1.4.2 Endra driftsformer i jord- og skogbruk	12
1.4.3 Spreiing av framande organismar	13
1.4.4 Overhausting	13
1.4.5 Forureining	13
1.5 FORVALTING AV BIOLOGISK MANGFALD I KOMMUNANE	14
1.5.1 Verneområde	14
1.5.2 Forvaltingsansvaret for arealet i kommunen	14
1.5.3 Aktiv sikring	14
1.5.4 Passiv sikring	14
1.5.5 Grunneigaravtalar	15
1.5.6 Verkemiddel i landbruket	15
1.5.7 Strategi for stopp av tap av biologisk mangfald innan 2020	15
1.6 FØREMÅLET MED RAPPORTEN	16
1.7 FORKLARING AV NOKRE OMREP	16
2 METODE	18
2.1 INNSAMLING AV INFORMASJON	18
2.1.1 Viktige litteraturkjelder	19
2.1.2 Museumssamlingar, databasar, Verdsveven	20
2.1.3 Innsamling frå einskildpersonar	20
2.1.4 Feltarbeid	20
2.1.5 Bestemming og dokumentasjon	20
2.2 VERDISETTING OG PRIORITERING	20
2.2.1 Generelt	20
2.2.2 Kriterium og kategoriar	21
2.2.3 Bruk av raudlisteartar/signalartar	21
2.2.4 Bruk av truga vegetasjonstypar	21
2.2.5 Område med lite data eller usikker status	21
2.3 PRESENTASJON	22
2.3.1 Generelt	22
2.3.2 Omtale av lokalitetane	22
2.3.3 Kartavgrensing	22
3 NATURGRUNNLAGET	23
3.1 NATURGEOGRAFI OG KLIMA	23
3.2 BERGGRUNN OG LAUSMASSAR	24
3.3 KULTURPÅVERKNAD	25

<b>4</b>	<b>NATURTYPAR</b>	<b>26</b>
4.1	HOVUDNATURTYPAR	26
4.2	LOKALITETAR MED NYTT FELTARBEID I 2010	28
1528201	Megardsdalen: Baklidalen	28
1528202	Tu: Tuvatnet	30
1528203	Blakstad: Blakstadfjellet	31
1528204	Riksem: Kolda	32
1528205	Straumsheim: Straumsheimsdalen øvre	34
1528206	Straumsheim: Straumsheimsdalen nedre	35
1528207	Fet: Blåbreelva	37
1528208	Fet: Fet bjørkeskog	38
1528209	Regndalen	40
1528210	Brunstad: Kløvskredene	42
1528211	Brunstad: Dyftene - Krokhjellen	43
1528212	Velle: Gåsmyra	45
1528213	Drivdalen bjørkeskog	46
1528214	Drivdalsheia	47
1528215	Andestad: Byrkjeneslia	48
1528216	Andestad: Tufjellet	49
1528217	Fasteindalen: Leitet	50
1528218	Nysetervatnet: Revsdalselva	51
1528219	Velledalen: Fonna - Skredene	53
1528220	Søvika: Søvik nedre	55
1528221	Fasteindalen: Forseggene	56
1528222	Fasteindalen: Blådalen	57
4.3	EVALUERING AV NOKRE LOKALITETAR I NATURBASE	59
<b>5</b>	<b>RAUDLISTA</b>	<b>60</b>
5.1	RAUDLISTEARTANE I SYKKYLVEN	60
5.1.1	Sopp	60
5.1.2	Karplanter	61
5.1.3	Lav	61
5.1.4	Mosar	61
<b>6</b>	<b>KJELDER</b>	<b>62</b>
6.1	LITTERATUR	62
6.1	MUNNLEGE KJELDER	63
6.2	VERDSVEVRESSURSAR	63
<b>7</b>	<b>KARTVEDLEGG</b>	<b>64</b>

# **Samandrag**

## **Bakgrunn og føremål**

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltinga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskot. Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97): "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne blei vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av alle norske kommunar. Sidan har vi òg fått St. meld. nr. 42 (2000-2001): "Biologisk mangfold, sektoransvar og samordning". Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltinga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må betrast.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at omsynet til det biologiske mangfaldet kan betrast innanfor dei ulike verksemdene.

## **Metodikk**

Metoden går i hovudsak ut på å identifisere område som er særlig verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finne leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald – DN-handbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2006).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det nytta ein del litteratur, Naturbasen (<http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/>), databasar på Verdsveven, utskrifter frå museumssamlingar og samtalar med fagfolk og lokalkjente. For å skaffe fram ny kunnskap blei det òg gjort noko nytt feltarbeid. Av økonomiske årsaker og grunna føringar frå DN blei fjellområda, kulturlandskapet og verneområda nedprioriterte. Informasjonen er samanstilt, og lokalitetane er verdiprioriterte etter metoden i DN-handbok 13. Dette omfattar m.a. vektlegging av indikatorartar (signalartar) og raudlisteartar osb. Informasjonen er presentert på kart, database (Access) og i rapportform.

## **Naturgrunnlag**

Naturgrunnlaget i kommunen er kort gjennomgått, med omtale av landskap, geologi, klima og naturgeografiske tilhøve.

## **Naturtypar i Sykkylven**

Dei ulike naturtypane i Sykkylven er kort presenterte. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i kommunen er særleg tradisjonelt drive kulturlandskap, rike edellauvskogar og gammalt furuskog, men òg gråor-heggeskog, gamle bjørkeskogar, rike fjellområde og kystfjellhei. Rik edellauvskog og naturbeitemark/slåttemark har heilt klart flest raudlisteartar og størst mangfald innan artsgruppene generelt, men også i kystfjellhei og rike fjellområde er det no samla inn bra med informasjon.

Som det går fram av tabell 1 er det knytt store verdiar til fleire ulike naturtypar i Sykkylven. Generelt kan det seiast at det er størst verdiar knytte til kalkrike fjellområde, ulike skogtypar, kulturlandskap og kystfjellheier.

**Tabell 1.** Naturtypelokalitetane med fordeling på hovudnaturtype, verdi og viktige område (markert med X) med tanke på oppfølging av regjeringsa og Stortinget sitt mål om stopp av tap av biologisk mangfold innan 2020 (jf. kapittel 1.5.7). Kodane betyr: A05= rikmyr, A08= kystmyr, B04= Nordvendte kystberg, C01= kalkrike område i fjellet, F07= gammal lauvskog, F08= gammal barskog og F13= rik blandingsskog i låglandet.

Lokalitet	Naturtype	Utforming	Verdi	2020
Megardsdalen: Baklidalen	C01	C0103/C0104	A	X
Tu: Tuvatnet	E08	E0802	B	X
Blakstad: Blakstadfjellet	F08	F0802	A	X
Riksem: Kolda	B04	B0403	B	
Straumsheim: Straumsheimsdalen øvre	B04	B0403	C	
Straumsheim: Straumsheimsdalen nedre	F07	F0702	B	
Fet: Blåbreevla	B04	B0403	B	
Fet: Fet bjørkeskog	F07	F0702	B	
Regndalen	B04	B0403	A	X
Brunstad: Kløvskredene	B04	B0403	A	X
Brunstad: Dyftene - Krokhjellen	F07	F0702	A	X
Velle: Gåsmyra	A08	A0802	B	
Drivdalen bjørkeskog	F07	F0702	B	
Drivdalsheia	B04	B0403	B	
Andestad: Byrkjeneslia	F13	F1301/F1302	A	X
Andestad: Tufjellet	F13	F1301/F1302	B	
Fasteindalen: Leitet	A05	A0501	B	
Nysetervatnet: Revsdalselva	A05	A0501	A	X
Velledalen: Fonna - Skredene	F07	F0702	B	
Søvik: Søvik nedre	F13	F1302	A	X
Forseggene	C01	C0102/C0104	A	X
Fasteindalen: Blådalen	C01	C0102/C0103/C0104	A	X

### Raudlisteartar

Ei raudliste er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Dette kan vere ulike fysiske inngrep i form av utbygging, skogsdrift, jordbruksverksemd eller forureining m.m. Artane som etter fagleg vurdering kjem med på ei slik liste vert kalla raudlisteartar. Kva artar dette gjeld er lista opp i ein nasjonal rapport frå 2010 (Kålås mfl. 2010).

Det er registrert ei rekke førekommstar av raudlista karplanter, sopp og mosar osb. i Sykkylven, og dei som er mogleg å finne på nasjonale databasar på verdsveien er omtalte i kapittel 5.

### Kunnskapsstatus

Tabell 5 inneholder ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Kunnskapen om mange organismegrupper og potensielle raudlisteartar i Sykkylven er jamt over middels god.

### ***Kunnskapsstatus – litteratur***

Det er publisert nokså mykje litteratur frå Sykkylven opp gjennom åra i ulike samanhengar. Viktige litteraturkjelder frå nyare tid er samla i tabell 2.

Det meste av dette materialet har vore gjennomgått i samband med naturtypekartlegginga. I tillegg kjem ulike innspel gjennom ikkje publiserte notat og e-postar frå lokalkjente m.m.

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltinga av det biologiske mangfaldet. Kartleggingsarbeidet er finansiert av Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennom statlege tilskot.

Bakgrunnen frå sentralt hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), ”Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida”. Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av biologisk mangfold i alle norske kommunar. Forhistoria til dette er Brundtlandkommisjonen sin rapport frå 1997: ”Konvensjonen om biologisk mangfold”, som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992. Konvensjonen vart ratifisert av Noreg i 1993 og vart gjeldande frå 1994. Direktoratet for naturforvalting (DN) ga i 1999 ut ei handbok (DN-handbok 13) som gir retningslinene for korleis arbeidet skal gjennomførast. Oppdaterte utgåver av handboka kom på verdsveien i 2006 og 2007 (DN 2006).

Sidan har vi fått St. meld. nr. 42 (2000-2001): ”Biologisk mangfold, sektoransvar og samordning”. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltinga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må betrast.

I naturmangfaldlova er dessutan følgjande prinsipp sentrale i all natur- og artsforvalting:

### § 7. (prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12)

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

### § 8. (kunnskapsgrunnlaget)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjonerers erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

### § 9. (føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligg tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligg en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

#### **§ 10. (økosystemtilnærming og samlet lastning)**

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede lastning som økosystemet er ellers utsatt for.

#### **§ 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)**

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

#### **§ 12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)**

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

## **1.2 Kva er biologisk mangfold?**

Variasjonen i naturen kan beskrivast på tre ulike nivå: Gen-, arts- og økosystemnivå. Enkelt sagt er biologisk mangfold jorda si variasjon av livsformer (artsnivå – planter, dyr og mikroorganismar m.m.), inklusiv arvestoff (genetisk variasjon) og det kompliserte samspelet mellom dei ulike organismane (økosystemet).

I Rio-konvensjonen er biologisk mangfold definert slik: ”Biologisk mangfold er variabiliteten hos levende organismar uansett opphav, herunder bl.a. terrestriske, marine eller andre akvatisk økosystemer og de økologiske kompleksene som de er en del av; dette omfatter mangfold innenfor artene, på artsnivå og på økosystemnivå.” (MD 1992).

Meir presist er biologisk mangfold definert slik i naturmangfoldlova:

#### **§ 3. (definisjoner)**

I denne lov forstås med

- a) art: etter biologiske kriterier bestemte grupper av levende organismer;
- b) bestand: en gruppe individer av samme art som lever innenfor et avgrenset område til samme tid;
- c) biologisk mangfold: mangfoldet av økosystemer, arter og genetiske variasjoner innenfor artene, og de økologiske sammenhengene mellom disse komponentene;
- d) dyr: pattedyr, fugler, krypdyr, amfibier, fisk og virvelløse dyr;
- e) fremmed organisme: en organisme som ikke hører til noen art eller bestand som forekommer naturlig på stedet;
- f) genetisk materiale: gener og annet arvemateriale i ethvert biologisk materiale, som kan overføres til andre organismer med eller uten hjelp av teknologi, likevel ikke genetisk materiale fra mennesker;

- i) naturmangfold: biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikke i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning;
- j) naturtype: ensartet type natur som omfatter alle levende organismer og de miljøfaktorene som virker der, eller spesielle typer naturforekomster som dammer, åkerholmer eller lignende, samt spesielle typer geologiske forekomster;
- k) organisme: enkeltindivid av planter, dyr, sopp og mikroorganismer, inkludert alle deler som er i stand til å formere seg eller overføre genetisk materiale;
- l) planter: karplanter, moser og alger;
- m) sopp: sopp og lav;
- q) virvelløse dyr: dyr uten ryggsøyle;
- r) økologisk funksjonsområde: område – med avgrensing som kan endre seg over tid – som oppfyller en økologisk funksjon for en art, slik som gyteområde, oppvekstområde, larvedriftsområde, vandrings- og trekkruter, beiteområde, hiområde, myte- eller hårfellingsområde, overnattingsområde, spill- eller parringsområde, trekkvei, yngleområde, overvintringsområde og leveområde;
- s) økologisk tilstand: status og utvikling for funksjoner, struktur og produktivitet i en naturtypes lokaliteter sett i lys av aktuelle påvirkningsfaktorer;
- t) økosystem: et mer eller mindre velavgrenset og ensartet natursystem der samfunn av planter, dyr, sopp og mikroorganismer fungerer i samspill innbyrdes og med det ikke-levende miljøet.

### 1.3 Verdien av biologisk mangfold

Miljøverndepartementet (2001) knyter desse verdiane til biologisk mangfold:

- **Direkte bruksverdi:** Verdiar som vert realiserte gjennom bruk av biologiske ressursar til m.a. mat, medisin, kunst, klede, byggverk og brensel, samt bruk av natur til leik, rekreasjon, friluftsliv, turisme, undervisning og forsking.
- **Indirekte bruksverdi:** Verdi i form av livsberande prosessar og økologiske tenester som biologisk produksjon, jorddanning, reinsing av vatn og luft, vasshushaldning, lokalt og globalt klima, karbonet, nitrogenet og andre stoff sine krinslaup, økologisk stabilitet og miljøet si evne til å dempe effektar av påkjennningar som forureining, flaum og tørke. Desse verdiane er ein føresetnad for mennesket sin eksistens og økonomiske aktivitet.
- **Potensiell verdi:** Verdiar som ikkje er utnytta eller kjent. Slike verdiar omfattar både direkte og indirekte verdiar nemnt ovanfor, og er m.a. knytte til bruk av ikkje utnytta genetiske ressursar, både når det gjeld tradisjonell foredling og genteknologi for utvikling av nye produkt med direkte bruksverdi.

- **Immateriell verdi:** Verdi som er etisk og moralsk forankra, m.a. knytt til ønsket om å vite at ein art eksisterer, komande generasjonar sine Moglegheiter og livskvalitet, og ønsket om å ta vare på landskap og natur som del av vår kulturarv og opplevingsverdi.

Til dei moralske og etiske verdiane hører også naturen sin eigenverdi (DN 2006). At naturen har eigenverdi byggjer på tanken om at alle livsformer og urørt natur har verdi i seg sjølv, og skal derfor ikkje naudsyntvis sjåast på som eit middel, men som et mål i seg sjølv. Tanken om at framtidige generasjonar skal ha same Moglegheiter for ressursutnytting og naturoppleving som vi har, er i samsvar med målet om ei ”berekraftig utvikling” definert av Brundtlandkommisjonen.

## 1.4 Trugsmål mot det biologiske mangfaldet

### 1.4.1 Fysiske inngrep

Øydelegging, fragmentering og endring av naturområde er det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet. Særleg viktig er fysiske inngrep i samband med ulike utbyggingsføremål. Store utbyggingar kan åleine ha store negative konsekvensar, men det er summen av både små og store inngrep som over tid vil avgjere om vi klarar å ta vare på det biologiske mangfaldet. Der utbyggingspresset er stort er det ofte utbyggingsinteressene som vert sterkest vektlagde i avgjerdspresessane. Det er eit visst utbyggingspress i både låglandet og fjellet i Sykkylven, særleg konsentrert til dyrkbart areal, strandlinia og hyttegrender i fjellnære område. Ein må rekne med at det i framtida også kan verte press på fleire av dei biologisk verdifulle naturtypelokalitetane som er kartlagt gjennom dette prosjektet (sjå kapittel 4.2), sidan fleire av dei ligg nært vegar og er nokså lett tilgjengelege.

### 1.4.2 Endra driftsformer i jord- og skogbruk

Utviklinga i landbruket resulterer i intensivering, spesialisering og rasjonalisering av drifta, men også fråflytting, brakklegging og attgroing. Dei største driftsendringane i jordbruket har skjedd dei siste 50 åra, og mange kulturskapte naturtypar, slik som slåttemark, naturbeitemark og haustingsskog er i ferd med å forsvinne (jf. Fremstad og Moen 2001). Mykje av det lysopne, mosaikkprega landskapet frå det tradisjonelle jordbruket gror i dag att, og utviklar seg gradvis til skog. Dette medfører m.a. at planteartar som er avhengige av mykje lys og lite konkurranse går tilbake, og saman med desse også dei insekta som er knytte til desse plantane. I tillegg fører sjølv moderat gjødsling til at ein del artar går sterkt tilbake eller forsvinn heilt (t.d. Fremstad 1997). Bruken av kunstgjødsel var svært liten fram til andre verdskrigen. Etter krigen auka bruken sterkt fram til 1980-tallet. På grunn av desse endringane kan ei lang rekke plante-, sopp- og insektartar gå tilbake eller forsvinne. Over 30 % av dei norske raudlisteartane er knytte til kulturlandskapet (Kålås mfl. 2010).

Status for Sykkylven i 2011 er at det er framleis er ein del att av tradisjonelt drive kulturlandskap, og ein del av dei tidlegare kartlagde lokalitetane vart observert i 2010.

I skogbruket har hogst gjennom mange hundre år redusert mengda av daud ved betydeleg. Urskog er i dag praktisk talt forsvunnen, og biologisk gammal skog med mykje daud ved utgjer berre små areal. Område med biologisk verdifull skog, m.a. rik edellauvskog og gråor-heggeskog, har dei siste 50-100 åra stadvis vortne erstatta med gran, og også sumpskog og myr har mange stader vortne drenerte og deretter tilplanta.

I Sykkylven er dei største inngrepa med uheldige konsekvensar i skog truleg knytte til hogst av gammal skog og treslagskifte (gran). Her er likevel døme på ein god del intakt gammalskog, både for furu og bjørk.

#### **1.4.3 Spreiing av framande organismar**

Menneskeskapt spreiing av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i dei lokale økosistema er eit aukande problem, både for vern av biologisk mangfald og i forhold til verdiskaping. Mange innførte artar er dårlig tilpassa dei lokale økosistema, og vil forsvinne etter kort tid, men dei som klarar å etablere seg har ofte ikkje naturlege fiendar som kan vere med å regulere populasjonane, eller dei kan ha andre konkurransefordelar som fører til at populasjonane aukar kraftig (MD 2001). Dette kan føre til at stadeigne artar vert utkonkurrerte og at heile økosystem vert endra. Gjennom ratifisering av Riokonvensjonen har Noreg forplikta seg til m.a. å hindre innføring av og kontrollere eller utrydde framande artar som er eit trugsmål mot økosystem, habitat eller artar (MD 1992: artikkel 8h). I 2007 kom også norsk svarteliste (Gederaas mfl. 2007), som peikar på mange av problemartane.

Det er ikkje gjort noko systematisk arbeid med tanke på registrering av framande artar i Sykkylven. Døme på innførte treslag i kommunen er t.d. ulike typar edelgran, sitkagran, lerk og mange andre. Platanlønn, som er rekna som ein verkeleg problemart (jf. Gederaas mfl. 2007), spreier seg no over delar av kommunen (og heile den norske vestkysten). Denne utviklinga vil i åra som kjem eskalere sterkt. Platanlønna dreg elles ein stor fordel av forstyrningar som hogst og driftsvegar i skogbruket, medan etableringa i slutta naturskog går saktare. Av buskvekstar er det frå hagebruket t.d. noko spreiing av diverse mispelartar og raudhyll, mest i skogkantar og på forstyrra mark. Langs vegkantar er det flekkvis førekomstar av t.d. gyvelartar, japanpestrot og parkslirekne mfl., medan hagelupin er etablert fleire stader. Ålment kjende artar som mink og iberiaskogsnegl bør ein også vere merksam på. Samla sett står kommunen framfor utfordringar i åra som kjem med tanke på å utrydde dei verste problemartane, eller halde dei i sjakk. Ei kartlegging av omfanget av problema og ein handlingsplan er derfor sterkt ønskjeleg innanfor ein treårsperiode. Deretter må tiltak gjennomförast utan opphald.

#### **1.4.4 Overhausting**

Hausting av naturressursar er eit gode så lenge det skjer innanfor økologisk forsvarlege rammer. Overhausting oppstår når det over ein lengre periode vert hausta meir enn populasjonen produserer. Om aktiviteten rammar artar med nøkkelfunksjonar (t.d. furu), kan ringverknadene bli store. Overhausting av ein truga eller sårbar art vil vere eit trugsmål mot arten sin eksistens. I Noreg er døma på overhausting i nyare tid særleg å finne i havet. Ein kan også tenke seg at somme artar med små nasjonale bestandar kan vere utsette for samlarar, utan at det er kjend konkrete døme på dette i Sykkylven.

#### **1.4.5 Forureining**

Forureining kan opptre både i form av lokale utslepp, som langtransportert forureining, som sur nedbør og radioaktivitet, i form av utslepp som kan påverke globalt eller også som klimagassar og ozonnedbrytande stoff.

Lokale utslepp skuldast ofte landbruk eller kloakk. Det vert også reist spørsmål om nedfall av nitrogen kan ha ein negativ effekt i til vanleg næringsfattige økosystem som kystlynghei eller furuskog.

Eventuelle klimaendringar vil også kunne påverke naturen i Sykkylven. Landsomfattande prognosar syner at det kan bli meir nedbør i Møre og Romsdal. Temperaturen kan stige over heile landet. Stormar

kan bli meir vanlege, særleg vest- og nordpå. Verknadene vil vere størst for fjellartar (vert utkonkurrert av skog) og varmekjære artar som har nordgrensa si i Noreg. Mellom dei sistnemnde høyrer m.a. mange varmekjære planter, soppar og insekt. Desse vil kunne få ei større utbreiing enn i dag. Sykkylven har òg enkelte sørlege artar som er på eller nær si kjende nordgrense, både planter, sopp- og lavartar (jf. kapittel 5). Desse artane vil kunne spreie seg vidare nordover.

## 1.5 Forvalting av biologisk mangfald i kommunane

### 1.5.1 Verneområde

Tre område i Sykkylven er no verna (<http://www.lovdata.no/for/lf/kommu-SYKKYLVEN.html>):

- 1) Gjevenesstranda naturreservat, verna 27. juni 2003.
- 2) Remerhornheiiane naturreservat, verna 13. desember 1996.
- 3) Storeidet naturreservat, verna 13. desember 1996.

Tidlegare har staten hatt ein vesentleg del av forvaltingsansvaret for verneområda, men meir av dette ansvaret kan bli overført til kommunane, dersom kommunane sjølv ønskjer det. Sykkylven har ikkje eit slikt forvaltingsansvar.

### 1.5.2 Forvaltingsansvaret for arealet i kommunen

Forvaltingsansvaret for areal i Sykkylven ligg i hovudsak i kommunen, men også private grunneigarar, særleg innan landbruket og næringslivet elles har eit viktig ansvar. Kommunen har ei sentral, overordna rolle fordi den er ansvarleg for ein samla og langsiktig arealdisponering. I tillegg kan kommunen oreigne, og er lokal skog- og landbruksmyndighet med ansvar for planlegging, rettleiing og informasjon.

Arealet skal i første rekke forvaltast av kommunen gjennom bruk av plan- og bygningslova (PBL) og naturmangfaldlova (NML). I arealplanlegginga har kommunen òg eit ansvar for kartlegging og forvalting av biologisk mangfald. Derfor er det viktig å få kunnskap om og oversyn over kvar i kommunen det er verdifulle område som krev at ein tek særlege omsyn. God kunnskap om slike område er viktig når avgjerner om utnytting av naturområde skal takast. Etter St. meld. nr. 42 skal kommunane utøve kunnskapsbasert naturforvalting, jf. også naturmangfaldlova. Kunnskap om viktige naturområde i Sykkylven er samla i denne rapporten. Det må forventast at denne kunnskapen vert nytta aktivt i forvaltinga, og at kunnskapen vert formidla til dei som er eigrarar av særlig verdifulle kulturlandskap, skog (ofte utan å vite om det) og til skulane.

### 1.5.3 Aktiv sikring

Kommunane har dei juridiske verkemidla som trengst for å ta vare på område gjennom plan- og bygningslova, men i dag er §§ 8-12 i naturmangfaldlova likevel meir aktuelle.

### 1.5.4 Passiv sikring

Kommunen kan sorgje for at ein styrer unna dei viktigaste områda for biologisk mangfald når det skal byggast ut eller gjerast større naturinngrep. Ofte finst det alternative plasseringar for tiltak, og i slike tilfelle bør ein velje det som har minst negativ påverknad på det biologiske mangfaldet. Identifiserte område som er viktige for biologisk mangfald skal elles vektleggast i planlegginga i kommunane (jf. naturmangfaldlova).

### **1.5.5 Grunneigaravtalar**

Frivillige avtalar har den fordelen at konfliktgraden ofte er låg, og at ein unngår erstatningskrav. På lang sikt er slike avtaler likevel ofte noko usikre, t.d. i samband med grunneigarskifte eller ved endra økonomiske vilkår. I skogvernet er frivillig vern norma i dag (sidan 2003).

### **1.5.6 Verkemiddel i landbruket**

Fleire tilskotsordningar er i dag tilgjengelege for tiltak som tek vare på det biologiske mangfaldet i jordbrukslandskapet. For å oppnå areal- og kulturlandskapstillegg må ein unngå større endringar eller inngrep i kulturlandskapet. Det vert gitt økonomisk stønad til tiltak som går ut over det som reknast som vanleg landbruksdrift, t.d. skjøtsel av slåttemark og naturbeitemark. Denne ordninga er fra 2004 overført til kommunane (SMIL-midlar, tidlegare STILK-midlar). Det er *svært viktig* at kommunane aktivt brukar denne moglegheita til å ta vare på biologiske verdiar i kulturlandskapet, og ikkje berre bygningar og kulturminne. I Sykkylven må grunneigarane i biologisk verdifullt kulturlandskap følgjast spesielt opp for å sikre at dei biologiske verdiene ikkje går tapt. Her er det kanskje òg naudsynt med direkte økonomisk stønad for å gjennomføre ein biofagleg riktig skjøtsel.

### **1.5.7 Strategi for stopp av tap av biologisk mangfold innan 2020**

Grunnlova si § 110b krev at naturkvalitetane vert tekne vare på for ettertida og etterslekta. Det same gjer føremålsparagrafen i naturmangfaldlova. St.meld. 42 (2000-01) om biologisk mangfold presenterte følgjande nasjonale resultatmål:

- 1) Eit representativt utval av norsk natur *skal vernast* for komande generasjoner.
- 2) I truga naturtypar *skal ein unngå inngrep* og i omsynskrevjande naturtypar *skal viktige økologiske funksjonar oppretthaldast*.
- 3) Kulturlandskapet *skal forvaltas* slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar samt biologisk mangfold vert oppretthalde.
- 4) Hausting og annan bruk av levande ressursar *skal ikkje* føre til at artar eller bestandar vert utrydda eller truga.
- 5) Menneskeskapt spreiing av organismar som ikkje hører naturleg heime i økosistema, *skal ikkje* skade eller avgrense økosistema sin funksjon.
- 6) Truga artar *skal oppretthaldast* på eller byggast opp att til livskraftige nivå.
- 7) Jordressursar som har potensial for matkornproduksjon *skal disponeras* slik at ein tek omsyn til framtidige generasjoner sine behov.

Seinare har både regjeringa og Stortinget sett seg som mål at tap av biologisk mangfold i Noreg *skal stoppast* innan 2010 (seinare justert til 2020). Dette er ei vesentlig utviding av målet ved det internasjonale Rio+10-møtet i Johannesburg i 2002, der den offisielle anbefalinga var at landa *burde redusere vesentleg* tapet i same tidshorisont.

For å oppfylle dette målet *må* i det minste følgjande saksområde utgreiast i Sykkylven i 2011, for deretter å følgjast opp gjennom tiltaksplan og konkret handling:

- Raudlisteartar. I den offisielle norske raudlista over truga artar (Kålås mfl. 2010) går det fram at flest truga artar er knytte til skog og kulturlandskap. For Sykkylven er desse artene nærmare omtalte i kapittel 5.
- Truga vegetasjonstypar. I rapporten om truga vegetasjonstypar i Noreg (Fremstad & Moen 2001) finn vi følgjande truga typar representerte i Sykkylven: tørr kalkfuruskog (VU - sårbar), rikt

hasselkratt (EN - sterkt truga), olivinskog (EN), alm-lindeskog (NT - nær truga), gråor-almeskog (NT) og artsrik vegkant (EN). Ny raudliste for vegetasjonstypar ventast våren 2011.

- Viktige lokalitetar/område for biologisk mangfald. For å oppfylle målet om stopp av tap av naturmangfald innan 2020 må strategiplanen for Sykkylven som eit minimum ta særlege omsyn til lokalitetane som er nemnde under (jf. tabell 1 og lokalitetsomtalane i kapittel 4). Her er det tatt høgd for førekommst av raudlisteartar, truga vegetasjonstypar og inngrepsfrie område (i høve til små nyare negative inngrep), og viktige viltfunksjonar er òg inkludert når det gjeld førekommst av raudlista artar. Lokalitetane 201, 202, 203, 209, 210, 211, 215, 218, og 220 peikar seg ut som dei viktigaste her.
- Tiltaksplan. Sikring av desse områda mot inngrep (skog- og våtmarksområda) og ein aktiv, riktig skjøtsel av kulturlandskap er det *absolutt minste* ein bør forvente av ein tiltaksplan. Ein slik tiltaksplan må sjølv sagt òg følgjast aktivt opp. Dette vil på kort sikt vere ein god start på arbeidet med å sikre seg mot tap av biologisk mangfald i Sykkylven.
- Framande artar. Som nemnt i kapittel 1.4.3 må ein òg kartlegge utbreiing og omfang av framande artar, samtidig som også dette området må følgjast opp med ein tiltaksplan og aktiv handling.

## 1.6 Føremålet med rapporten

Hovudføremålet med dette prosjektet er å gi kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfaglig grunnlag for den framtidige forvaltinga av naturen i Sykkylven kommune, slik at ein i større grad kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet.

Arbeidet har gått ut på å identifisere område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskar med å finne leveområde i landskapet elles (jf. kapittelet om metodikk).

## 1.7 Forklaring av nokre omgrep

**Beitemarksopp:** Grasmarkstilknytta soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i natureng og naturbeitemark.

**Biologisk mangfald** (sjå kapittel 1.2) omfattar mangfald av:

- naturtypar (økosystemnivå)
- arter (artsnivå)
- arvemateriale innan artane (genetisk nivå)

**Bisentrisk:** Omgrep brukt om fjellplanter som hos oss er utbreidde i eitt område i sør og eitt i nord, men som manglar på midten (oftast i Trøndelag - Jämtland).

**Indikatorart (signalart):** Ein art som på grunn av strenge miljøkrav er berre finst på stader med spesielle kombinasjonar av miljøtilhøve. Slike artar kan dermed gi god informasjon om miljøkvalitetane der dei lever. Ein god indikator-/signalart er vanleg å treffe på når desse miljøkrava er stetta. For å identifisere ein verdiful naturtype bør helst fleire indikatorartar vere til stades.

**Kontinuitet:** I økologien nytta om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøtilhøve over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). I kulturlandskapet kan det t.d. dreie seg om gjenteken, årleg forstyrring i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t.d. vere kontinuerlig tilgang på daud ved av ulike dimensjonar og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

**Lungeneversamfunnet:** Nytta om ein del store lavartar som er avhengige av stabile fukttilhøve og eit stabilt mikroklima over tid for å få optimale veksttilhøve. Best kjente er lungenever, kystnever, skrubbenever og sølvnever, men samfunnet inneheld langt fleire artar.

**Naturbeitemark:** Gammal beitemark med låg grad jordarbeiding, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. Sjå også tradisjonelt kulturlandskap under.

**Natureng:** I snever forstand gamle slåttemarker med låg grad av jordarbeiding, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar vert omgrepene nytta i vidare forstand om gras- og urterik vegetasjon både i både gammal slåttemark og gammal naturbeitemark.

**Naturengplanter:** Planter som er knytte til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. Dei har derfor tyngdepunktet sitt i natureng og naturbeitemark, og er dermed ein parallell til beitemarksoppane (jf. Jordal & Gaarder 1999).

**Nøkkelbiotop:** Ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett vert tilfredsstilt andre stader i landskapet.

**Oseanisk:** Som har å gjere med kysten og havet. Vert nytta om eit klima med milde vintrar og kjølige somrar, dvs. liten forskjell mellom sommar og vinter, og mykje og hyppig nedbør. Oseaniske planter og oseaniske vegetasjonstypar trivst best i eit slikt klima. Det motsette av oseanisk er kontinental.

**Raudlista:** Liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (Kålås mfl. 2010).

**Svartelista:** Eit oversyn over innførde artar, med ei vurdering av kor skadelege desse kan vere for stadeigen natur (Gederaas mfl. 2007). Den norske svartelista har nokre manglar, m.a. er fleire bartreslag, inkl. sitkagran, ikkje vurdert (kjem truleg med i neste versjon).

**Tradisjonelt kulturlandskap:** Dominerande typar av jordbrukslandskap slik dei var for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauving og llyngheskjøtsel, kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som natureng, naturbeitemark, hagemark, haustingsskog, slåttelundar og llynhei.

## 2 Metode

### 2.1 Innsamling av informasjon

Informasjonen i denne rapporten kjem dels fra innsamling av eksisterande kunnskap, dels fra eige feltarbeid. Arbeidet har gått ut på å identifisere område som er særlig verdifulle for det biologiske mangfaldet, område som t.d. er spesielt artsrike eller er levestad for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskar med å finne leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i DN-handbok nr. 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2006, oppjustert 2007).

Døme:

- Ein registrerer ikkje alle strender, men t.d. større, artsrike strandområde.
- Ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t.d. artsrike naturbeitemarker med artar som indikerer kontinuitet i gammal driftsform.
- Ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t.d. næringsrike vatn i låglandet.
- Ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t.d. rik edellauvskog med alm, ask, eik, lind, hassel eller svartor og mange varmekjære artar.
- Ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t.d. artsrike, nord vendte berg med sjeldan, kystbunden moseflora eller rike, sør vendte rasmarker osb.

Kartlegging av fisk og fiskebestandar inngår ikkje i dette metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av marine område. Handbøkene i kartlegging av ferskvatn (DN-handbok 15 på Verdsveven), viltkartlegging etter DN-handbok 11 (DN 1996) er derfor ikkje nytta her.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må sette seg inn i eksisterande kunnskap, deretter samle inn ny kunnskap (feltarbeid), og til slutt systematisere materialet, prioritere lokalitetane og presentere dette på kart og i rapport eller liknande.

## 2.1.1 Viktige litteraturkjelder

**Tabell 2.** Dei viktigaste nyare skriftelege kjeldene som er nytta for å kartlegge eksisterande naturinformasjon frå Sykkylven, med kort kommentar til innhaldet.

Kjelde	Kommentar
Folkestad, A. O. & Bugge, O. A. 1988 Varmekjær lauvskog i Storfjorden og Hjørundfjorden. Rapport fra synfaring med båt 1987. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport no. 3-1988. 26 s.	Opplysningar frå Gjevenesstranda.
Gaarder, G., Holtan, D., Jordal, J.B., Larsen, P. & Oldervik, F. 2005. Marklevende sopper i hasselrike skoger og mineralrike furuskoger i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, areal- og miljøvernnavdelinga. Rapport 2005: 3. 101 s. inkl. kart og bilder.	Somme opplysningar frå hasselskog.
Holtan, D. 2001. Barlinda Taxus baccata L. i Møre og Romsdal - på veg ut? Blyttia 59: 197-205.	Nye opplysningar om barlinda i Sykkylven.
Holtan, D. 2003. Kartlegging av biologisk mangfold, Sykkylven kommune. Rapport Sykkylven kommune. 61 s.	Grunnlagsdokumentet og den første samla framstillinga.
Holtan, D. 2006. Sunnmørsmarikåpe Alchemilla semidivisa – ikke nordborealt tyngdepunkt. Blyttia 64: 89.	Førekomsten i Sykkylven nemnd.
Holtan, D. & Grimstad, K.J. 2007. Gimsdalen kraftverk, Sykkylven. Virkninger på biologisk mangfold. 22 s.	Ingen nye naturtypelokalitetar.
Holtan, D. & Grimstad, K.J. 2007. Løvoll kraftverk, Sykkylven. Virkninger på biologisk mangfold. 20 s.	Ingen nye naturtypelokalitetar.
Holtan, D. & Grimstad, K.J. 2008. Aurdalselva kraftverk. Virkninger på biologisk mangfold. 20 s.	Ingen nye naturtypelokalitetar.
Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1999 Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.	Her er det meste frå kulturlandskapet med.
Jordal, J.B., Holtan, D., Gaarder, G. & Grimstad, K.J. 2006. Status for solblom Arnica montana i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Blyttia 64: 213-230.	Mykje frå Sykkylven.
Korsmo, H. & Svalastog, D. 1997 Inventering av verneverdig barskog i Møre og Romsdal. NINA oppdragsmelding 427. 106 s.	Opplysningar frå Blakstadfjellet.
Moen, A. 1984 Myrundersøkelser i Møre og Romsdal i forbindelse med den norske myrreservatplanen. Kgl. norske vidensk. selsk. Mus. Rapp. Bot ser. 1984-5.	Fleire myrar i Sykkylven er med her.

I tillegg er det kome inn ein del opplysningar frå dei nasjonale prosjekta om kartlegging av bekkekløfter og edellauvskog. Dette ligg allereie i Naturbase.

## **2.1.2 Museumssamlingar, databasar, Verdsveven**

Lav-, (NLD) sopp- (NMD) og mosedatabasane (NBD) ved Universitetet i Oslo er kontrollerte på Verdsveven i mars 2011. Også ArtsDatabanken ([www.artsdata.artsdatabanken.no](http://www.artsdata.artsdatabanken.no)) har no opplysningar om artsfunn. Sjølv om det er mykje overlapp mellom ArtsDatabanken og universitetsdatabasane er det somme tilleggsopplysningars å finne her. Aktuelle verdsvevadresser er lista opp i kapittel 6.3.

## **2.1.3 Innsamling frå ein skildpersonar**

Ein del enkeltpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Sykkylven. Noko av denne informasjonen er innsamla. Det er eit stort arbeid å samle inn all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne nytta noko meir tid til dette. Særleg opplysningane frå Karl Johan Stadsnes har vore nyttige.

## **2.1.4 Feltarbeid**

Eigne feltregistreringar vart gjort i perioden mai – november 2010. Både Perry Larsen (Skodje) og Karl Johan Stadsnes (Sykkylven) tok del i feltarbeidet i 2010.

## **2.1.5 Bestemming og dokumentasjon**

Bestemming av planter er gjort ved hjelp av Lids Flora (Lid & Lid 2005), og norske namn følgjer denne utgåva. Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog mfl. (1994) og Holien & Tønsberg (2006). Særleg interessante funn (mest planter og sopp) er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo (NHM), der dei skal vere fritt tilgjengelege for alle interesserte. Vitskapelege namn følgjer dei publikasjonane som er nytta i arbeidet. Offisielle norske namn leggast elles fortløpende ut på verdsvevsida til ArtsDatabanken (<http://www2.artsdatabanken.no/artsnavn/Contentpages/Hjem.aspx>).

# **2.2 Verdisetting og prioritering**

## **2.2.1 Generelt**

Ved verdisetting av naturmiljøet vert det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdisette enkelte naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne er viktigare å ta omsyn til enn dei som er vanlege (fordi dei er meir sårbare).
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang er viktigare å omsyn til på enn dei som har stabile førekommstar eller er i framgang.

## **2.2.2 Kriterium og kategoriar**

Verdisettingskriteria følgjer DN-handbok 13 (DN 2006). Verdisettinga skjer etter ein tredelt skala:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria i DN-handbok 13 for verdisetting av naturtypar og raudlisteartar innarbeidd. Desse gir heilt klart rom for noko skjøn. Ein del lokalitetar som truleg ikkje tilfredsstiller kriteria for kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å bli plassert i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t.d. førekomst av artar som er raudlista som sårbare (VU) eller truga (EN, CR) eller dei må vere særleg velutvikla og artsrike. For å bli plassert i kategori B vert det ikkje stilt like strenge krav, men enkelte definerte vilkår må likevel vere oppfylte.

## **2.2.3 Bruk av raudlisteartar/signalartar**

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det som regel nemnt mange artar som er funne på lokaliteten. Dette kan vere for å illustrere trekk ved t.d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdisette den. Enkelte artar vert tillagt særleg vekt ved verdisettinga. Desse er:

- Raudlisteartar
- Signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtalte i eit eige kapittel i rapporten (kapittel 5). Signalartar vert kort omtalte her. Nedafor er berre enkelte artar som er nytta som signalartar i nokre naturtypar og vektlagde i verdisettinga nemnde.

- Kulturlandskap: Naturengplanter og beitemarksoppar etter liste m.a. i Jordal & Gaarder (1999).
- Skog: breiflangre, furuvintergrøn, junkerbregne, kransmynte, lundgrønaks, myske, sanikkel, skogfaks, skogsvingel, skogsvinerot, svarterteknapp, taggbregne, tannrot, trollbær, vårerteknapp og vårmarihand o.a.

I tillegg kjem ein del lavartar knytte til det såkalla lungeneversamfunnet og enkelte mikrolavar, der regnskogsartar vert tillagt særleg vekt.

## **2.2.4 Bruk av truga vegetasjonstypar**

Ein rapport om nasjonalt truga vegetasjonstypar (Fremstad & Moen 2001) er brukt som støtte ved verdivurderinga. Ny raudliste for desse ventast før sommaren 2011.

## **2.2.5 Område med lite data eller usikker status**

Potensielt interessante lokalitetar som det finst lite informasjon om, eller som er undersøkte men ikkje prioriterte, er dels samla i tabell 5 og 6. Ein kan her berre syne til behovet for vidare kartlegging.

Årsaker til at lokalitetar ikkje er avgrensa og prioriterte kan vere:

- Lokaliteten er ikkje undersøkt, kanskje avstandsbetrakta med kikkert, eller datagrunnlaget er for dårleg.

- Lokaliteten er undersøkt, men ein har så langt ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar til at naturtypen vurderast som prioritert.
- DN-handbok 13 om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane som er påviste.
- Økonomiske omsyn, avgrensa av økonomien i prosjektet.
- Føringar frå DN om kva som skal prioriterast.

## 2.3 Presentasjon

### 2.3.1 Generelt

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar er samla i eigne kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtalte på eigne faktaark i kapittel 4.2. Raudlisteartar er omtalte i kapittel 5.

### 2.3.2 Omtale av lokalitetane

Dei enkelte lokalitetane er omtalte på eigne faktaark. Ein har her følgt DN-handbok 13, av og til med mindre justeringar. Trugsmål nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men også slike som kan bli aktuelle i framtida. T.d. er det for skog konsekvent ført opp hogst eller fysiske inngrep som ein negativ faktor. For dei fleste lokalitetane kan fysiske inngrep på eit eller anna tidspunkt verte eit trugsmål.

### 2.3.3 Kartavgrensing

Alle nummererte lokalitetar er teikna inn på flyfoto (jf. <http://www.gislink.no>). Ut frå dette er lokalitetane digitaliserte. Avgrensingane burde bli temmelig nøyaktige i desse formata. Ein må likevel oppfatte dei fleste avgrensingane som omtrentlege og orienterande, særleg dei større lokalitetane i skog. I tilfelle planar om nye tiltak eller inngrep må det alltid gjennomførast synfaring for om Mogleg å få ei meir detaljert avgrensing.

# 3 Naturgrunnlaget

## 3.1 Naturgeografi og klima

Sykylven kommune har eit landareal inkl. ferskvatn på 337 km<sup>2</sup>. 239 km<sup>2</sup> ligg høgare enn 300 m o.h., medan berre 56 km<sup>2</sup> ligg under 150 m o.h. Gjennomsnittshøgda for kommunen er faktisk så mykje som 5000 m o.h. Kan hende ikkje så overraskande da at is- og snøbrear utgjer 7 km<sup>2</sup>, det meste av dette sør og vest for Velledalen. Arealet av ferskvatn er på 9 km<sup>2</sup>, fordelt på 165 vatn. For skog er det gitt opp totalt 98 km<sup>2</sup>. Kring 9 km<sup>2</sup> er myr, og mykje av dette er under tregrensa. Rikmyr, som er viktige for ei rad sjeldne artar, finst fleire stader, m.a. med viktige lokalitetar frå øvst i Velledalen og autover til kommunegrensa mot Stranda (kjelde: Statistisk Sentralbyrå).

Topografien i Sykylven veksler mykje. Typisk er eit dramatisk fjordlandskap med djupe fjordar og høge fjell, med fleire fossar i fjordlier eller i enkelte dalar. Med mykje bratt landskap er Sykylven ein viktig kommune for rasmark, som òg kan vere ein viktig naturtype for naturmangfaldet.

Klimaet i Sykylven er ein mellomting av kystklimaet sine milde vintrar og kalde somrar, og dei varme somrane og kalde vintrane ein finn i innlandet. Årsaka til dette er at kommunen vert påverka både av fjordstraumane sine temperaturregulerande verknader, og nærlieken kommunen har til meir kontinentale område. Dei store topografiske skilnadene innan kommunen påverkar lokalklimaet mykje, og dei høge fjella langs fjorden fører til særer varierande solinnstråling gjennom året og døgeret. Naturgeografisk ligg Sykylven kommune i sterkt til klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O3-O2), og i boreonemoral til høgalpin vegetasjonssone, med dei alpine områda i fjellet (Moen 1998). I praksis betyr dette eit fuktig, relativt mildt klima og lang vekstsesong, typisk for denne delen av Vestlandet.

**Tabell 3.** Temperaturnormalar for Sykylven i perioden 1961-90. Kjelde: <http://retro.met.no>.

Nummer	Stad	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
60010	Sykylven	0,2	0,4	2,2	4,4	9,2	11,9	13,2	13,3	10,1	7,5	3,0	1,0	6,4


**Tabell 4.** Nedbørsnormalar for Sykylven i perioden 1961-90. Kjelde: <http://retro.met.no>.

Nummer	Stad	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
60010	Sykylven	170	145	150	110	80	85	110	130	235	225	210	230	1880

## 3.2 Berggrunn og lausmassar

Mestedelen av berggrunnen er skiven av gråsteinsberg (sur og næringsfattig granittisk gneis). Dette har mykje å seie for plantelivet. Reint kalkberg med artsrik flora er såleis sjeldsynt. I nokre av fjellområda er det likevel innslag i alle fall av baserik grunn, m.a. i Baklidalen ovanfor Megardsdalen og så vidt heilt aust i kommunen (Forseggene og Blådalen), på grensa mot Stordal. Her er det næringsrik glimmerskifer og glimmergneis, stadvis med eit rikt og interessant planteliv.

Når det gjeld lausmasser er det mange stader morenemateriale, medan det særleg i fjord- og dalsider er mykje skredmateriale. I tillegg er her ein del næringsrike, marine strandavsettingar.



**Figur 1.** Berggrunnskart over Sykkylven (<http://www.ngu.no>). Mest interessant, og næringsrik, er den med mørk grøn farge (nr. 24). Den inneholder glimmerskifer og glimmergneis.



**Figur 2.** Lausmassekart over Sykkylven (<http://www.ngu.no>). Mest interessant, og næringsrik, er dei marine strandavsettingane markert med mørkt gråblå farge. Desse er likevel i hovudsak bygd ned, eller sterkt negativt kulturpåverka, med eit utarma naturmangfold.

### 3.3 Kulturpåverknad

Det finst knapt ein einaste kvadratmeter i dei tilgjengelege delar av Sykkylven som ikkje på ein eller annan måte er eller har vore kulturpåverka. Mykje av den tilgjengelege strandlinia og nedlagt dyrkamark eller dyrkbar mark i flatare område er bygd ned. Samstundes er det planta gran i ein opphavleg verdifulle lauvskogsområde, ofte i bratte dalsider. Sykkylven er ein typisk industrikkommune, kor særleg møbelindustrien er viden kjend, og industrien har bandlagt store område etter stredene. I dag ser ein også utbygging av småkraft i låglandet, medan ein i fjellet satsar på skiturisme og auka hyttebygging. Hyttebygginga utgjer eit sterkt trugsmål mot dei verdifulle rikmyrene, som er ein svært sjeldan naturtype på Sunnmøre (9 lokalitetar att med verdi A).

Om utviklinga held fram på same måte, med vidare nedbygging særleg i låglandet, vil det truleg oftare kunne dukke opp konfliktar i høve til å få bygge i ein del av dei verdifulle naturtypelokalitetane i kommunen. Dette må ein unngå, både av omsyn til det biologiske mangfaldet, til friluftslivet, og ikkje minst i tilhøvet til mål og føringar frå sentrale myndigheter, som seier at tap av naturmangfald skal stansast innan 2020. Sykkylven kommune må snarast utarbeide ein strategiplan i tilhøve til 2020-målet, helst allereie i 2011 (jf. tabell 1 og kapittel 1.5.7). Nytt frå 2010 er også naturmangfaldlova, kor det utarbeidast forskrifter for utvalte naturtypar.



**Figur 3.** Inngrepsfrie område (INON) i Sykkylven, oppdatert pr. januar 2008 (<http://dnweb12.dirnat.no/inon>). Dei lysegrøne feltene er 1-3 km frå tekniske inngrep som vegar og kraftlinjer osb. "Ekte villmark" kjem i kategorien > 5 km frå tyngre inngrep, og dette har ein ikkje i Sykkylven.

# 4 Naturtypar

## 4.1 Hovudnaturtypar

Sykylven kommune har førekomst av alle dei sju hovudnaturtypane frå DN-handbok 13: Myr (A), Rasmark, berg og kantkratt (B), Fjell (C), Kulturlandskap (D), Ferskvatn/våtmark (E), Skog (F) og Havstrand/kyst (G).

**Tabell 5.** Grovt oversyn over hovudnaturtypane i Sykylven kommune, med framheving av viktige område og naturtypar. Det er gjort ei enkel vurdering av kartleggingsstatus. I tillegg vert det foreslått vidare kartlegging og eventuelle tiltak der dette vurderast som naudsynt.

Hovudnaturtype, tilstand og kartleggingsstatus	Oppfølging
<b>Myr</b> Dei viktigaste områda med rikmyr er fanga opp og godt dokumenterte. Middels god til god kartleggingsstatus.	Det viktigaste er å sikre at intakte lokalitetar ikkje vert bygde ut, drenerte eller utsette for fysiske inngrep.
<b>Rasmark, berg og kantkratt</b> Utbreidd naturtype i Sykylven. Det finst interessante utformingar i og ovanfor mange av dei mest soleksponerte skogområda og fjordiene. Dei antatt viktigaste områda i Hjørundfjorden (Gjevenesstranda) er därleg kartlagde, medan ein i somme fjellområde (Baklidalen, Blådalen, Forsegene) har gjort noko. Middels god til god kartleggingsstatus.	Truleg er ingen spesielle tiltak naudsynte. Utbygging er mindre aktuelt pga. rasfaren. Det hadde likevel vore interessant om ein kunne få til meir kartlegging av insekt.
<b>Fjell</b> Kalkrike område i fjellet er ikkje utbreidd i Sykylven, men interessante utformingar finst ved Baklidalen, Blådalen, Forsegene. Middels god til god kartleggingsstatus	Ut frå mangelen på relevant berggrunn er det ikkje stor grunn til å starte med ei omfattande nykartlegging.
<b>Kulturlandskap</b> Kulturlandskapet i Storfjordområdet i vid forstand har vore jamleg kartlagt dei seinare åra. Ein har slik sett god oversikt over intakte lokalitetar og dei verdiane som finst. God kartleggingsstatus.	Somme område bør nykartleggast, sjå tabell 6.
<b>Skog</b> Skogane i Sykylven er no godt fanga opp, og truleg er alle A-lokalitetar og dei fleste B-lokalitetane no fanga opp. Kartleggingsstatus vurderast som middels god til svært god.	Solsida av Velledalen og Ramstaddalen vart ikkje prioritert i 2010, og det kan for så vidt tenkast at her er det nokre B-lokalitetar-..

Hovudnaturtype, tilstand og kartleggingsstatus	Oppfølging
<p><b>Ferskvatn/våtmark</b></p> <p>Mest relevant i Sykkylven er Tuvatnet, som er brukande dokumentert. Ein skal likevel vere merksam på vassengene vest i Andestadvatnet, som godt kan førast til naturtypen rik kulturlandskapssjø (E08).</p>	Det viktigaste er å hindre utbygging ved Tuvatnet. Vestenden av Andestadvatnet bør kartleggast.
<p><b>Kyst og havstrand</b></p> <p>Mindre relevant, men nokre område som ikkje er heilt øydelagde finst framleis, slik at kartleggingsstatusen for denne naturtypen er dårlig.</p>	Det er kan hende ein del små, intakte område med strandeng og sump i den innarste delen av Sykkylvsfjorden. Det bør avklarast kva verdi desse har.

På den siste sida i rapporten er det eit kart som grovt viser dei delar av kommunen som er undersøkt. Sona “ikkje undersøkt” på kartet inneheld eventuelt berre sporadiske naturtypedata.

## 4.2 Lokalitetar med nytt felter arbeid i 2010

Nedanfor er alle område med nytt felter arbeid i 2010 omtalte, med opplysningar om naturtype, naturverdi og om det er gjort registrering av artar på lokaliteten. I tillegg er her med eit par fjellområde som berre har fått ny omtale (221 og 222). Når det gjeld kva artar som vert nemnde, har ein forsøkt å avgrense desse til signalartar, raudlisteartar eller interessante artar generelt, samt artar som er karakteristiske for den aktuelle naturtypen. Nr. for lokalitetar i Naturbase er nemnd, og avgrensingane for desse er ofte annleis no enn tidlegare. I tillegg har det kome inn ein del opplysningar frå dei nasjonale prosjekta om kartlegging av bekkekløfter og edellauvskog. Dette ligg allereie i Naturbase, og repeterast stort sett ikkje her.

Forkortinger: DH = Dag Holtan, PL= Perry Larsen, KJS= Karl Johan Stadsnes

### 1528201 Megardsdalen: Baklidalen

Tidlegare nr.:	BN00015247
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	C01 Kalkrike område i fjellet
Utfoming:	C0103 Snøleie, C104 Bergknaus og rasmark
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	11.07.2010, DH
Stadkvalitet:	God

#### Områdeskildring

*Innleining:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 21.03.2011, basert på eige felter arbeid 11.07.2010. Området vart kartlagt også i 2003, men avgrensinga behaldast.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg eit stykke innanfor Megardsdalen ved Hundeidvik, og er ein liten nordausteksponert hengjedal omkransa av høge fjell særleg mot vest og nordvest. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og skulle vere næringsfattig. Mogleg er her i tillegg innslag av glimmerskiferar, som finst i nærlieken, då her er mange relativt kravfulle planter. Området ligg i sterkt oceanisk vegetasjonssone og nordboreal til lågalpin vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til kalkrike område i fjellet, utforminga snøleie (C0103), òg med innslag av bergknaus og rasmark (C0104). Vegetasjonstypar kan etter Fremstad (1997) dels førast til T1a finnskjeggutforming og dels T1c stivstorrutforming. I tillegg er her kan hende innslag av intermediær fastmattemyr (L) og kjelde- og sigvegetasjon (N).

*Artsmangfold:* Av karplanter kan nemnast blankstorr, dvergjamne, gulsildre, fjellrapp, issoleie, kastanjesiv, raudsildre, svarttopp og tranestorr. Det vart ny yttergrense/vestgrense for blankstorr, fjellrapp, issoleie og kastanjesiv. Mest interessant er likevel funna av ein endemisk art som sunnmørsmarikåpe (VU), som har ein av dei to viktigaste av dei kjende førekostane sine i området (den andre er i Norddal kommune).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Einaste spor etter kulturpåverknad er beiting, som ein også såg i 2010.

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Eit ekstensivt beite kan bidra til å halde vegetasjonen nede.

*Del av heilsakleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein svært viktig del av dei rikare fjellområda som ein finn nokre få av mellom Storfjorden i aust og Hjørundfjorden i vest.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den har ein stor bestand av den endemiske arten sunnmørsmarikåpe.



Figur 4. Her ser ein sunnmørsørkåpe midt på bildet, til venstre. Foto: Dag Holtan.



Figur 5. Miljøet i Baklidalen, med høge fjell mot vest. Foto: Dag Holtan.

## 1528202 Tu: Tuvatnet

Tidlegare nr.:	BN00015230
Hovudnaturtype:	Ferskvann/våtmark
Naturtype:	E08 Rik kulturlandskapssjø
Utfoming:	E0802 Kalkfattig utfoming
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	11.07.2010, DH
Stadkvalitet:	God

### Områdeskildring

*Innleiing:* Omtalen er skiven av Dag Holtan 21.03.2011, basert på eige feltarbeid 11.07.2010. Området vart kartlagt også i 2003, men avgrensinga behaldast.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Vatnet ligg aust for Hundeidvik mellom gardane Tu, Langhol og Svartebekk. Ei stripe med glimmerskifer og glimmergeis går gjennom vatnet, men det ser ikkje ut til å vere spesielt kalkrikt. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utfomingar og vegetasjonstypar:* Området førast til rik kulturlandskapssjø, med kalkfattig utfoming (E0802). Her er mesotrof til svakt eutrof vegetasjon. Etter Fremstad (1997) førast desse til O3 elvesnelle-storrsump, langskotvegetasjon (P1) og flytebladvegetasjon (P2). Spreidd på nordsida av vatnet er her òg mindre parti med sumpskog, m.a. gråorsump. Vest for vatnet kjem i tillegg små areal med intakt låglandsmyr, som er avgrensa som ein buffersone.

*Artsmangfold:* Av karplanter vart det berre registrert vanlege og vidt utbreidde artar som elvesnelle, flaskestorr, hesterumpe, kvit nykkerose, myrhatt og tusenblad. Meir interessant er at vatnet er hekkeplass for dvergdykkar (NT), pluss hekke- og rasteområde for ei rad andefuglar og hegre.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Ut over mogleg avrenning av næringsstoff fra jordbruksområdet sør aust for vatnet er det ikkje nokon negativ kulturpåverknad.

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein isolert førekost av ein lokalt til regionalt nokså sjeldan naturtype.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er intakt, og naturtypen er sjeldan i regionen.



**Figur 6.** Tuvatnet sett frå aust. Foto: Dag Holtan.

## 1528203 Blakstad: Blakstadfjellet

Tidlegare nr.:	BN00015232
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utfoming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	22.06.2010; DH, PL & KJS
Stadkvalitet:	God

### Områdeskildring

*Innleining:* Omtalen er skiven av Dag Holtan 21.03.2011, basert på eige feltarbeid 22.06.2010 saman med Perry Larsen og Karl Johan Stadsnes. Området vart også kartlagt i 2003, og avgrensinga er noko justert.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg sør for Storfjorden, vest for bygda Ikornes og sør for grensa Blakstad. Utanom ikkje inndelte, sure og næringsfattige gneisar, er her ei stripe med meir næringsrik glimmerskifer og glimbergneis i ei sørvendt, bratt skråning. Området ligg i sterkt oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral til sørboreal vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utfomingar og vegetasjonstypar:* Området førast til gammal barskog, med utfominga F0802 gammal furuskog, med små innslag av F1202 fuktig furu-hasselskog (kystfuruskog) sentralt på sørsida av lokaliteten. I mindre delområde har ein også F0701 gammalt ospehol (gammal lauvskog). Generelt er gammal blåbærskog dominerande, med noko røsslyngskog på solrike knausar, tendensar til høgstaude-storbregneskog i fuktige søkk og mindre parti med lågurtskog der det veks hassel. Daudvedaspektet er brukande godt utvikla, med nokså rikelege førekommstar av både gadd og læger, helst for bjørk, osp og furu. Utanom furu, som er dominerande treslag, vart det funne barlind (VU), bjørk, gran, gråor, hassel, hegg, osp, rogn og selje.

*Artsmangfold:* Av karplanter kan nemnast bekkeblom, enghumleblom, jordnøtt, junkerbregne, myske, ramslauk, sanikkel, skogburkne, skogsvinerot, storfrytle, sumphaukeskjegg, tannrot og trollbær. I samband med oppslag av hassel og osp er det brukande utvikla lungeneversamfunn, med artane kystnever, lungenever, puteglye og skrubbenesnever og vanleg blåfiltlav. På furu veks i tillegg sparsamt gubbeskjegg (NT). Innanfor soppriket vart ein typisk gammalskogsart som gulrandkjuke funnen. Potensielt bør her kanskje også finnast raudlista, vedbuande soppar på furu eller osp. Her er også del av leveområde for hønsehauk (NT), kvitryggspett og storfugl. For barlind vart det i 2001 registrert 24 buskar og tre, og dei ser ut til framleis vere vitale.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Her er spor etter tidlegare plukkhogst, og dessutan planta litt gran, dessverre i den rikaste, mest produktive delen. Samla sett er området likevel mellom dei mest intakte og eldste furuskogane i ytre fjordstrok på Sunnmøre, og er i ei fin utvikling som naturskog.

*Framande artar:* Gran.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande treslag bør fjernast på ein slik måte at barlinda får meir lys.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag ein større, intakt naturskogsrest i eit landskap som dels er sterkt prega av negativ kulturmåverknad.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den er stor, velutvikla og intakt, med innslag av furu-hasselskog og ein bra bestand av barlind.



**Figur 7.** Furukjempa i sørskrenten ved Blakstadfjellet vart målt i 2003, og hadde den gongen eit kringmål på 444 cm. Foto: Dag Holtan.

## 1528204 Riksem: Kolda

**Tidlegare nr.:**

Ny

**Hovudnaturtype:**

Rasmark, berg og kantkratt

**Naturtype:**

B04 Nordvendte kystberg og blokkmark

**Utforming:**

B0403 Moserik fjellheiutforming

**Verdi:**

B (viktig)

**Moglege trugsmål:**

Fysiske inngrep, attgroing

**Undersøkt/kjelder:**

24.06.2010, DH

**Stadkvalitet:**

God

### Områdeskildring

**Innleining:** Omtalen er skriven av Dag Holtan 21.03.2011, basert på eige feltarbeid 24.06.2010. Området er ikkje undersøkt tidlegare.

**Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg om lag ein km sørvest for Riksem midt i Sykkylvsfjorden. Avgrensinga gjeld ei dalside med om lag nordaustleg eksponering. Berggrunnen har sure og harde gneisbergartar, med levevilkår for i hovudsak nøysame karplantar. Området ligg elles i mellom- til nordboreal vegetasjonssone (Mb/Nb) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3h), og har meir enn 2000 mm årsnedbør (<http://retro.met.no>).

**Naturtypar/vegetasjonstypar:** Heile det avgrensa arealet førast til moserik fjellheiutforming (B0403) av nordvendte kystberg (B04), og vidare (etter Fremstad 1997) til kystfjellhei (H5). Vegetasjonstypen ser ut til å ha nær slektskap med fuktig lynghei (H3) av varierande utforming, og ligg også nært opp til fattig kystmyr (K3). Lokaliteten er glissett tresett med til dels gammal furu, andre treslag meir spreidd.

*Artsmangfald:* Dominante karplantar er slike som finnskjegg og bjønnskjegg, med flekkvis mykje einer og røsslyng i det lågare busksjiktet. Elles kan nemnast bjønnkam, blåtopp, dvergjamne, flekkmarihand, heisiv, klokkeling, kystmyrklegg, kvitlyng, rome, smørtelg og svarttopp osb. Mosefloraen vart ikkje grundig undersøkt, men det vart påvist relativt mykje av gode signalartar som heimose, pelssåtemose, praktvebladmose, dessutan eitt funn av raudlistearten (VU) praktdraugmose.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Det er ikkje spor etter nyare påverknad, men tidlegare har her truleg vore beita.

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Eit ekstensivt beite kan bidra til å oppretthalde ein låg vegetasjon, noko som dei mest kravfulle mosane er litt avhengige av.

*Del av heilsakapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei biologisk viktige kystfjellheiene frå indre del av Sykkylvsfjorden til eit stykke inn i Velledalen.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi her veks ein raudlisteart i høgare kategori.



**Figur 8.** Frå Kolda nedanfor Riksemalen. Den mørke fargen nede til høgre på bildet er ein koloni med praktvebladmos. Den er ein god signalart, og fortel at ein er på rett stad om ein ønsker å finne raudlista mosar. Foto: Dag Holtan.

## 1528205 Straumsheim: Straumsheimsdalen øvre

Tidlegare nr.:	Ny
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
Utföring:	B0403 Moserik fjellheiutforming
Verdi:	C (lokalt viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep, attgroing
Undersøkt/kjelder:	07.07.2010, DH & KJS
Stadkvalitet:	God

### Områdeskildring

*Innleiing:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 22.03.2011, basert på eige feltarbeid 07.07.2010 saman med Karl Johan Stadsnes. Området er ikkje undersøkt tidlegare.

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg om lag ein km vest for Straumsheim innerst i Sykkylvsfjorden. Avgrensinga gjeld ein litt bratt, trond bekkedal med om lag nordaustleg eksponering. Berggrunnen har sure og harde gneisbergartar, med levevilkår for i hovudsak nøy same karplantar. Området ligg elles i mellom- til nordboreal vegetasjonssone (Mb/Nb) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3h), og har meir enn 2000 mm årsnedbør (<http://retro.met.no>).

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Heile det avgrensa arealet førast til moserik fjellheiutforming (B0403) av nordvendte kystberg (B04), og vidare (etter Fremstad 1997) til kystfjellhei (H5). Vegetasjonstypen ser ut til å ha nær slektskap med fuktig lysthei (H3) av varierande utforming, og ligg også nært opp til fattig kystmyr (K3). Lokaliteten er glissent tresett med bjørk.

*Artsmangfald:* Dominante karplantar er slike som finnskjegg og bjønnskjegg, med flekkvis mykje einer og røsslyng i det lågare busksjiktet. Elles kan nemnast bjønnbrodd, bjønnkam, blåtipp, dvergjamne, fjelljamne, flekkmarihand, heiblåfjør, klokkelyst, kvitlyng, rome, smørteig og svarttipp osb. Mosefloraen vart ikkje grundig undersøkt, men det vart påvist relativt mykje av ein god signalart som prakttvebladmose, dessutan gullhårmose og pelssåtemose.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Det er ikkje spor etter nyare påverknad, men tidlegare har her truleg vore beita.

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Eit ekstensivt beite kan bidra til å oppretthalde ein låg vegetasjon, noko som dei mest kravfulle mosane er litt avhengige av.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein liten del av dei biologisk viktige kystfjellheiene frå indre del av Sykkylvsfjorden til eit stykke inn i Velledalen.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi her ikkje ser ut til å vere levevilkår for raudlista moseartar.



Figur 9. Utsikt frå Straumsheimsdalen ned mot Straumgjerde og Fetvatnet. Foto: Dag Holtan.

## 1528206      Straumsheim: Straumsheimsdalen nedre

Tidlegare nr.:	Ny
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F07 Gammal lauvskog
Utföring:	F0702 Gammal björkeskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	07.07.2010, DH & KJS
Stadkvalitet:	God

### Områdeskildring

*Innleiting:* Omtalen er skiven av Dag Holtan 23.03.2011, basert på eige feltarbeid 07.07.2010 saman med Karl Johan Stadsnes. Området er ikkje undersøkt tidlegare.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg om lag ein km vest for Straumgjerde, og gjeld ei nokså bratt, austekspontert li dekt med björkeskog. Området ligg i sør boreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen i området er sure og næringsfattige gneisar (ikkje inndelte), med eit bra innslag av lausmassar.

*Naturtypar, utföringar og vegetasjonstypar:* Området førast til gammal lauvskog, med utföringa F0702 gammal björkeskog, kan hende også fuktig kystskeg (F0703). Vegetasjonstypane er i hovudsak blåbærskog og småbregneskog, ofte med spreidde høgstaudar og storbregnar. Nærleiken til kysten visast gjennom bra innslag av bjønnkam, smørtelg og storfrytle. Bjørk dominerer heilt, med innslag av andre treslag som gran, gråor, hassel, hegg, osp, rogn og selje. Daudvedaspektet er ofte godt utvikla, og særleg liggande daud ved er utbreidd, men òg med innslag av høgstubbar.

*Artsmangfald:* Av karplanter er her stort sett berre vanlege og vidt utbreidde artar, med funn av bjønnkam, hengjeaks, krattlodnegras, raggtelg, skogburkne, smørtelg, storfrytle, sumphaukeskjegg,

sølvbunke og trollurt. Lungeneversamfunnet er til stades, men neppe svært godt utvikla, med funn av vanlege artar som grynpfiltlav, lungenever, skrubbenever og vanleg blåfiltlav. Her er også del av leveområde for kvitryggspett.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Innslag av søyleeiner, krattlodnegras og sølvbunke indikerer eit høgare beitetrykk tidlegare enn i dag, og denne bruken er det nesten slutt på. Skogen er no inne i ei fin utvikling som naturskog.

*Framande artar:* Gran finst spreidd, og nedst er det også innslag av platanlønn.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande treslag bør fjernast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei nokså identiske, intakte bjørkeskogane ein finn over ei strekning på 8-9 km på vestsida av Sykkylvsfjorden og eit stykke inn i Velledalen.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (svært viktig) fordi den er intakt, nokså stor og representativ for dei kystnære, gamle bjørkeskogane i distriktet.



**Figur 10.** Gammal bjørkeskog mellom Straumsheim og Straumsheimsdalen. Foto: Dag Holtan.

## 1528207 Fet: Blåbreeelva

Tidlegare nr.:	Ny
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
Utföring:	B0403 Moserik fjellheiutforming
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep, attgroat
Undersøkt/kjelder:	07.07.2010, DH & KJS
Stadkvalitet:	God

### Områdeskildring

*Innleiing:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 22.03.2011, basert på eige feltarbeid 07.07.2010 saman med Karl Johan Stadsnes. Området er ikkje undersøkt tidlegare.

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg om lag ein km vest for Fet i sørenden av Fetvatnet. Avgrensinga gjeld ein litt bratt, trong bekkelag med om lag nordaustleg eksponering. Berggrunnen har sure og harde gneisbergartar, med levevilkår for i hovudsak nøyse Karplantar. Området ligg elles i mellom- til nordboreal vegetasjonssone (Mb/Nb) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3h), og har meir enn 2000 mm årsnedbør (<http://retro.met.no>).

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Heile det avgrensa arealet førast til moserik fjellheiutforming (B0403) av nordvendte kystberg (B04), og vidare (etter Fremstad 1997) til kystfjellhei (H5). Vegetasjonstypen ser ut til å ha nær slektskap med fuktig lysthei (H3) av varierande utforming, og ligg også nært opp til fattig kystmyr (K3).

*Artsmangfold:* Dominante karplantar er slike som finnskjegg og bjønnskjegg, med flekkvis mykje einer og røsslyng i det lågare busksjiktet. Elles kan nemnast bjønnkam, blåtopp, dvergjamne, flekkmarihand, gulsildre, heiblåfjør, heisiv, klokkeling, kvitlyng, rome, smørteig og svarttopp osb. Mosefloraen vart ikkje grundig undersøkt, men det vart påvist relativt mykje av ein god signalart som prakttvebladmose, dessutan eit par funn av raudlistearten (VU) praktdraugmose.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Det er ikkje spor etter nyare påverknad, men tidlegare har her truleg vore beita.

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Eit ekstensivt beite kan bidra til å oppretthalde ein låg vegetasjon, noko som dei mest kravfulle mosane er litt avhengige av.

*Del av heilsakleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei biologisk viktige kystfjellheiene frå indre del av Sykkylvsfjorden til eit stykke inn i Velledalen.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi her veks ein raudlisteart i høgare kategori.



**Figur 11.** Først ovanfor skogen ein ser på bildet treng ein leite etter sjeldne mosar, men miljøet er i alle fall fuktig nok. Foto: Dag Holtan.

## 1528208      Fet: Fet bjørkeskog

Tidlegare nr.:	Ny
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F07 Gammal lauvskog
Utföring:	F0702 Gammal bjørkeskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	07.07.2010, DH & KJS
Stadkvalitet:	God

### Områdeskildring

*Innleiring:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 23.03.2011, basert på eige feltarbeid 07.07.2010 saman med Karl Johan Stadsnes. Området er ikkje undersøkt tidlegare.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg om lag ein km vest for Fet ved sørsida av Fetvatnet, og gjeld ei nokså bratt, austeksponert li dekt med bjørkeskog. Området ligg i sør boreal vegetasjonssone og sterkt oseansk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen i området er sure og næringsfattige gneisar (ikkje inndelte), men med eit bra innslag av lausmassar.

*Naturtypar, utföringar og vegetasjonstypar:* Området førast til gammal lauvskog, med utföringa F0702 gammal bjørkesuksjon, kan hende også fuktig kystskog (F0703). Vegetasjonstypane er i hovudsak blåbærskog og småbregneskog, ofte med spreidde høgstaumar og storbregnar. Nærleiken til kysten visast gjennom bra innslag av bjønnkam, smørtelg og storfrytle. Bjørk dominerer heilt, med innslag av andre treslag som gran, gråor, hassel, hegg, osp, rogn og selje. Daudvedaspektet er ofte godt utvikla, og særleg liggande daud ved er utbreidd, men òg med brukande innslag av høgstubbbar.

*Artsmangfald:* Av karplanter er her stort sett berre vanlege og vidt utbreidde artar, med funn av bjønnkam, hengjeaks, jordnøtt, krattlodnegras, raggtelg, skogburkne, smørtelg, skogstjerneblom, storfrytle, sumphaukeskjegg, sølvbunke, trollurt og turt. Lungeneversamfunnet er til stades, men neppe svært godt utvikla, med funn av vanlege artar som grynfiltlav, lungenever, skrubbenever og vanleg blåfiltlav. Her er også del av leveområde for kvitryggspett.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Innslag av søyleeiner, jordnøtt, krattlodnegras og sølvbunke indikerer eit høgare beitetrykk tidlegare enn i dag, og denne bruken er det nesten slutt på. Skogen er no i ei fin utvikling som naturskog.

*Framande artar:* Gran finst spreidd, og nedst er det også innslag av platanlønn.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande treslag bør fjernast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei nokså identiske, intakte bjørkeskogane ein finn over ei strekning på 8-9 km på vestsida av Sykkylvsfjorden og eit stykke inn i Velledalen.

*Grunnngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (svært viktig) fordi den er intakt, nokså stor og representativ for dei kystnære, gamle bjørkeskogane i distriktet.



**Figur 12.** Bjørkeskogen ved Fet er representativ for dei mange gamle bjørkeskogane ein finn i delar av Sykkylven. Foto: Dag Holtan.

## 1528209 Regndalen

Tidlegare nr.:	Ny
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
Utföring:	B0403 Moserik fjellheiutforming
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep, attgroing
Undersøkt/kjelder:	23.06.2010, DH, PL & KJS
Stadkvalitet:	God

### Områdeskildring

*Innleiing:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 21.03.2011, basert på eige feltarbeid 23.06.2010 saman med Perry Larsen og Karl Johan Stadsnes. Området er ikkje undersøkt tidlegare.

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg om lag to km sør for Velle, nedst i Velledalen. Avgrensinga gjeld ei nokså bratt, glissett furukledd li med om lag nordaustleg eksponering. Berggrunnen har sure og harde gneisbergartar, med levevilkår for i hovudsak nøy same karplantar. Området ligg elles i mellom- til kanskje nordboreal vegetasjonssone (Mb/Nb) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3h), og har meir enn 2000 mm årsnedbør (<http://retro.met.no>).

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Heile det avgrensa arealet førast til moserik fjellheiutforming (B0403) av nordvendte kystberg (B04), og vidare (etter Fremstad 1997) til kystfjellhei (H5). Vegetasjonstypen ser ut til å ha nær slektskap med fuktig lynchhei (H3) av varierande utföring, og ligg også nært opp til fattig kystmyr (K3). Elva i området burde kanskje skiljast ut som eiga eining, men det vart det ikkje tid til i 2010. Dei nedre delane av området er glissett tresett med til dels gammal furu.

*Artsmangfold:* Dominante karplantar er slike som finnskjegg og bjønnnskjegg, med flekkvis mykje einer og røsslyng i det lågare busksjiktet. Elles kan nemnast bjønnkam, blåtopp, dvergjamne, fjelltistel, flekkmariah, gulsildre, heiblåfjør, heisiv, klokkeling, kvitlyng, raudsildre, rome, smørtelg og svarttopp osb. Mosefloraen vart godt undersøkt, og det vart påvist relativt mykje av ein god signalart som prakttvebladmose, dessutan svært mange funn av raudlistearten (VU) praktdraugmose. Rundt den store fossen i Regndalselva vart det funne ein samanhengande populasjon på kan hende 30 m, noko som er svært uvanleg. Andre interessante artar var gullhårmose, heimose, pelssåtemose og vengemose. Full moseliste vart elles gjort tilgjengeleg for Artskart gjennom <http://www.artsobservasjoner.no/>.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Det er ikkje spor etter nyare påverknad anna enn beitetrykk. I 2010 gjekk her om lag 40 sauar inkl. lam.

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Eit ekstensivt beite kan bidra til å oppretthalde ein låg vegetasjon, noko som dei mest kravfulle og konkurransevake mosane er avhengige av.

*Del av heilsakapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein svært viktig og uerstatteleg del av dei biologisk viktige kystfjellheiene frå indre del av Sykkylvsfjorden til eit stykke inn i Velledalen.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den er velutvikla og intakt, med truleg den største bestanden av praktdraugmose ein kjenner til så langt i Møre og Romsdal.



Figur 14. Regndalen, med Velledalen i bakgrunnen, og Gåsmyra nede til venstre. Foto: Dag Holtan.



Figur 15. Raudlistearten praktdraugmose *Anastrophylle donnianum* (VU) har svært gode bestandar i Regndalen og inn mot Kløvskredene. Foto: Perry Larsen.

## 1528210 Brunstad: Kløvskredene

Tidlegare nr.:	Ny
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
Utföring:	B0403 Moserik fjellheiutforming
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep, attgroing
Undersøkt/kjelder:	09.07.2010, DH
Stadkvalitet:	God

### Områdeskildring

*Innleiing:* Omtalen er skiven av Dag Holtan 23.03.2011, basert på eige feltarbeid 09.07.2010. Området er ikkje undersøkt tidlegare.

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg om lag 1,5 km sørvest for Brunstad i Velledalen. Avgrensinga gjeld ei bratt, i hovudsak skoglaus li med om lag nordaustleg eksponering. Berggrunnen har sure og harde gneisbergartar, med levevilkår for i hovudsak nøy same karplantar. Området ligg elles i mellom- til nordboreal vegetasjonssone (Mb/Nb) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3h), og har meir enn 2000 mm årsnedbør (<http://retro.met.no>).

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Heile det avgrensa arealet førast til moserik fjellheiutforming (B0403) av nordvendte kystberg (B04), og vidare (etter Fremstad 1997) til kystfjellhei (H5). Vegetasjonstypen ser ut til å ha nær slektskap med fuktig llyngheti (H3) av varierande utforming, og ligg også nært opp til fattig kystmyr (K3).

*Artsmangfold:* Dominante karplantar er slike som bjønnskjegg, blåtopp og rome, med flekkvis mykje einer og røsslyng i det lågare busksjiktet. Elles kan nemnast bjønnkam, blåknapp, dvergjamne, fjelltistel, flekkmariah, gulsildre, heisiv, klokelyng, kvitlyng, smørtelg, storfrytle og svarttopp osb. Mosefloraen vart ikkje grundig undersøkt, men det vart påvist relativt mykje av ein god signalart som prakttvebladmose, dessutan mange funn av raudlistearten (VU) praktdraugmose. Andre interessante artar var heimose og pelssåtemose.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Det er ikkje spor etter nyare påverknad, men tidlegare har her truleg vore beita.

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Eit ekstensivt beite kan bidra til å oppretthalde ein låg vegetasjon, noko som dei mest kravfulle mosane er litt avhengige av.

*Del av heilsakleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein svært viktig og uerstatteleg del av dei biologisk viktige kystfjellheiene frå indre del av Sykkylvsfjorden til eit stykke inn i Velledalen.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den er velutvikla og intakt, med gode bestandar av raudlistearten praktdraugmose.



**Figur 16.** Kløvskredene er nokså store og uoversiktlege, og eigentleg for därleg undersøkte. Her vart likevel funne gode bestandar av praktdraugmose. Foto: Dag Holtan.

## 1528211 Brunstad: Dyftene - Krokhjellen

Tidlegare nr.:	Ny
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F07 Gammal lauvskog
Utforming:	F0702 Gammal bjørkeskog
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	09.07.2010, DH
Stadkvalitet:	God

### Områdeskildring

*Innleiting:* Omtalen er skiven av Dag Holtan 23.03.2011, basert på eige feltarbeid 09.07.2010. Området er ikkje undersøkt tidlegare.

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg om lag ein km vest for Brunstad i Velledalen. Avgrensinga gjeld ei nokså bratt, nordeksponert li dekt med bjørkeskog. Området ligg i sør boreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen i området er sure og næringsfattige gneisar (ikkje inndelte), med eit bra innslag av lausmassar.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til gammal lauvskog, med utforminga F0702 gammal bjørkesuksjon, kan hende også fuktig kystskog (F0703). Vegetasjonstypane er i hovudsak blåbærskog og småbregneskog, ofte med spreidde høgstaumar og storbregnar. Nærleiken til kysten visast gjennom bra innslag av bjønnkam, smørtelg og storfrytle. Bjørk dominerer heilt, med innslag av andre treslag som furu, gran, gråor, hassel, hegg, osp, rogn og selje. Daudvedaspektet er uvanleg godt utvikla, og særlig liggande daud ved er utbreidd, men òg med et høgt innslag av høgstubbar.

*Artsmangfald:* Av karplanter er her stort sett berre vanlege og vidt utbreidde artar, med funn av bjønnkam, hengjeaks, krattlodnegras, raggtelg, skogburkne, skogstjerneblom, smørtelg, storfrytle, sumphaukeskjegg, sølvbunke og trollurt. Lungeneversamfunnet er til stades, men neppe svært godt utvikla, med funn av vanlege artar som grynfiltlav, lungenever, skrubbenever og vanleg blåfiltlav. Her er også del av leveområde for kvitryggspett.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Innslag av søyleeiner, krattlodnegras og sølvbunke indikerer eit høgare beitetrykk tidlegare enn i dag, og denne bruken er det nesten slutt på. Delar av skogbotnen er stadvis nokså engprega. Skogen er no i ei fin utvikling i retning urskog.

*Framande artar:* Gran finst spreidd.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande treslag bør fjernast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein svært viktig og uerstatteleg del av dei nokså identiske, intakte bjørkeskogane ein finn over ei strekning på 8-9 km på vestsida av Sykkylvsfjorden og eit stykke inn i Velledalen.

*Grunnjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den er intakt, nokså stor og representativ for dei kystnære, gamle bjørkeskogane i distriktet. Andelen av gamle og grove tre er uvanleg høg, og det tel også ved vurderinga.



**Figur 17.** Svært gammal bjørkeskog med uvanleg mykje daud ved er typisk i området vest for Brunstad. Foto: Dag Holtan.

## 1528212 Velle: Gåsmyra

Tidlegare nr.:	BN00015226
Hovudnaturtype:	Myr og kjelde
Naturtype:	A08 kystmyr
Utforming:	A0802 Atlantisk høgmyr
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	09.07.2010, DH
Stadkvalitet:	God

### Områdeskildring

*Innleiing:* Omtalen er skiven av Dag Holtan 23.03.2011, basert på eige feltarbeid 09.07.2010. Området er undersøkt tidlegare, m.a. av Moen (1984).

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg om lag ein km vest for Brunstad i Velledalen, og avgrensinga gjeld ein liten myr. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen i området er sure og næringsfattige gneisar (ikkje inndelte), men viktigare er at området ligg på ein terrasse (breavsettingar).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til kystmyr, med utforminga atlantisk høgmyr (A0802). Etter Fremstad (1997) skal den førast til ombrotrof myrvegetasjon (J), med hovudutforminga J2 (ombrotrof tuemyr) og innslag av både ombrotrof fastmattemyr og lausbotnmyr (J2 og J3). Underutformingar vart ikkje noterte.

*Artsmangfald:* Av karplanter er kvitmyrak og sivblom dei mest interessante. Typiske artar elles er bjønnskjegg, blåknapp, heisiv, klokkeling, kreling, molte, rundsoldogg, smalsoldogg, stjernestorr, sveltstorr og torvull. I tillegg må nemnast eit busksjikt av røsslyng.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Utanom gamle spor etter torvstikking er myra framleis heilt intakt.

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Eit ekstensivt beite kan vere ein føremon, på den måten at attgroinga går seinare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein isolert myrflekk i eit landskap som er sterkt negativt kulturpåverka gjennom drenering og tilplanting eller fulldyrking.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har ei intakt utforming av atlantisk høgmyr, som er sjeldan i distriktet elles.



**Figur 18.** Gåsmyra i Velledalen, ein typisk nedbørsmyr dominert av tuer. Foto: Dag Holtan.

## 1528213 Drivdalen bjørkeskog

Tidlegare nr.:	Ny
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F07 Gammal lauvskog
Utföring:	F0702 Gammal bjørkeskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	28.06.2010, DH
Stadkvalitet:	God

### Områdeskildring

*Innleiing:* Omtalen er skiven av Dag Holtan 23.03.2011, basert på eige feltarbeid 28.06.2010. Området er ikkje undersøkt tidlegare.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg om lag ein km vest for Straumgjerde, og gjeld ei nokså bratt, austekspontert li dekt med bjørkeskog. Området ligg i sør boreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen i området er sure og næringsfattige gneisar (ikkje inndelte), med eit bra innslag av lausmassar.

*Naturtypar, utföringar og vegetasjonstypar:* Området førast til gammal lauvskog, med utföringa F0702 gammal bjørkesuksesjon, kan hende også fuktig kystskeg (F0703). Vegetasjonstypane er i hovudsak blåbærskog og småbregneskog, ofte med spreidde høgstaudar og storbregnar. Nærleiken til kysten visast gjennom bra innslag av bjørnkam, smørtelg og storfrytle. Bjørk dominerer heilt, med innslag av andre treslag som gran, gråor, hassel, hegg, osp, rogn og selje. Daudvedaspektet er ofte godt utvikla, og særleg liggande daud ved er utbreidd, men òg med innslag av høgstubbar.

*Artsmangfold:* Av karplanter er her stort sett berre vanlege og vidt utbreidde artar, med funn av bjørnkam, hengjeaks, krattlodnegras, raggetelg, skogburkne, smørtelg, storfrytle, sumpaukeskjegg, sølvbunke og trollurt. Lungeneversamfunnet er til stades, men neppe svært godt utvikla, med funn av vanlege artar som grynfiltlav, lungenever, skrubbenever og vanleg blåfiltlav. Her er også del av leveområde for kvitryggspett.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Innslag av søyleeiner, krattlodnegras og sølvbunke indikerer eit høgare beitetrykk tidlegare enn i dag, og denne bruken er det nesten slutt på. Skogen er no i ei fin utvikling som naturskog.

*Framande artar:* Gran finst spreidd, og nedst er det så vidt også innslag av platanlønn.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande treslag bør fjernast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei nokså identiske, intakte bjørkeskogane ein finn over ei strekning på 8-9 km på vestsida av Sykkylvsfjorden og eit stykke inn i Velledalen.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (svært viktig) fordi den er intakt, nokså stor og representativ for dei kystnære, gamle bjørkeskogane i distriktet.



**Figur 19.** Bjørkeskogen ved Drivdalen er ganske open, og litt beiteprega. Foto: Dag Holtan.

## 1528214 Drivdalsheia

**Hovudnaturtype:**

Rasmark, berg og kantkratt

**Naturtype:**

B04 Nordvendte kystberg og blokkmark

**Utforming:**

B0403 Moserik fjellheiutforming

**Verdi:**

B (viktig)

**Moglege trugsmål:**

Fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:**

28.06.2010, DH

**Stadkvalitet:**

God

### Områdeskildring

**Innleining:** Omtalen er skriven av Dag Holtan 23.03.2011, basert på eige feltarbeid 28.06.2010. Området er ikke undersøkt tidlegare.

**Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg om lag ein km sørvest for Velle i Velledalen. Avgrensinga gjeld ei bratt, fuktig li med om lag nordaustleg eksponering. Berggrunnen har sure og harde gneisbergartar, med levevilkår for i hovudsak nøyssame karplantar. Området ligg elles i mellom- til nordboreal vegetasjonssone (Mb/Nb) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3h), og har meir enn 2000 mm årsnedbør (<http://retro.met.no>).

**Naturtypar/vegetasjonstypar:** Heile det avgrensa arealet førast til moserik fjellheiutforming (B0403) av nordvendte kystberg (B04), og vidare (etter Fremstad 1997) til kystfjellhei (H5). Vegetasjonstypen ser ut til å ha nær slektskap med fuktig lysthei (H3) av varierande utforming, og ligg også nært opp til fattig kystmyr (K3).

**Artsmangfold:** Dominante karplantar er slike som finnskjegg og bjønnskjegg, med flekkvis mykje einer og røsslyng i det lågare busksjiktet. Elles kan nemnast bjønnkam, blåtipp, dvergjamne, flekkmarihand, gulsildre, heisiv, klokkeling, kvitlyng, rome, smørtelg og svarttopp osb. Mosefloraen

vart ikkje grundig undersøkt, men det vart påvist relativt mykje av ein god signalart som prakttvebladmose, dessutan fleire funn av raudlistearten (VU) praktdraugmose.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Det er ikkje spor etter nyare påverknad, men tidlegare har her truleg vore beita.

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Eit ekstensivt beite kan bidra til å oppretthalde ein låg vegetasjon, noko som dei mest kravfulle mosane er litt avhengige av.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein svært viktig del av dei biologisk viktige kystfjellheiene frå indre del av Sykkylvsfjorden til eit stykke inn i Velledalen.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi her er funne raudlistearten praktdraugmose.



**Figur 20.** Drivdalsheia, med Velledalen i bakgrunnen. Foto: Dag Holtan.

## 1528215      Andestad: Byrkjeneslia

Tidlegare nr.:	BN00015228
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F13 Rik blandingsskog i låglandet
Utforming:	F1301/F1302 Boreonemoral og sørboreal blandingsskog
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	27.06.2010, DH & PL
Stadkvalitet:	God

## Områdeskildring

*Innleiing:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 21.03.2011, basert på eige feltarbeid 27.06.2010 saman med Perry Larsen. Området vart sist undersøkt i 2003, og avgrensinga er beheldt.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på nordsida av Andestadvatnet, mellom Furneset og knuseverket litt lenger vest. Avgrensinga gjeld ei nokså bratt og søreksponert li med blandingsskog. Området ligg i boreonemoral til sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen i området er sure og næringsfattige gneisar (ikkje inndelte), med eit bra innslag av lausmassar.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til rik blandingsskog i låglandet, med utformingane F1301 og F1302 (boreonemoral og boreal blandingsskog). Det vil seie at her er innslag av naturtypar som rik og fattig edellauvskog (med utformingane F0103 rikt hasselkratt, F0106 gråor-almeskog og F0204 hasselkratt), gråor-heggeskog (F0502 liskog) og gammal lauvskog (F0701 gammalt ospeholt, kanskje også litt gammal bjørkeskog F0702). Vegetasjonstypane går i spreidde innslag av lågurtskog, mest småbregneskog og spreidde høgstaubar i sig og langs bekkar. Av treslag vart det registrert alm (NT), ask (NT, i etablering), barlind (VU), furu, gran, gråor, hassel, hegg, krossved, osp, platanlønn, rogn og selje. Daudvedaspektet er middels godt utvikla, med ein del liggande, daud lauvved, meir spreidd også somme gaddar. For barlind er her tidligare registrert kring 30 busker og tre, den største kring ein meter i tverrmål (som er den suverent største barlinda i Møre og Romsdal).

*Artsmangfald:* Av karplanter kan nemnast breiflangre, enghumleblom, firblad, grov nattfiol, kranskonvall, kransmynte, liljekonvall, lundgrønaks, myske, myskegras, ramslauk, sanikkel, skavgras, skogburkne, skogsvingel, storklokke, sumphaukeskjegg, tannrot, trollbær, trollurt og vårerteknapp. Lungeneversamfunnet er noko spreidd på gamle lauvtre, berg og av og til med somme artar på barlind, med grynfiltlav, kystvrente, lungenever, skrubbenever, sølvnever, vanleg blåfiltlav og regnskogsarten hasselurlav. Gode til middels gode signalartar innan soppriket er engvokssopp, gullkremle, grå trompetsopp, narrepiggsopp (NT), prydhette og svart trompetsopp. Truleg kan her forventast å finnast fleire raudlisteartar, helst i gamle, rike hasselkratt. Her er også del av leveområde for kvitryggspett.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området har tidlegare vorte beita, men det er det slutt på no. I dag framstår lokaliteten som ein intakt og gammal blandingsskog som er i ei fin utvikling som naturskog.

*Framande artar:* Gran og platanlønn. Gran er det lite av, medan platanlønna etter kvart har etablert seg i dei nedste delane av lokaliteten.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande treslag bør fjernast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein svært viktig og uerstatteleg del av dei intakte, dels beita, gamle naturskogane på nordsida av Andestadvatnet og austover mot Søvik.

*Grunngeiving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den er stor, intakt og artsrik, og kor den gode bestanden av barlind vektleggast spesielt.

## 1528216      **Andestad: Tufjellet**

Tidlegare nr.:	Ny
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F13 Rik blandingsskog i låglandet
Utforming:	F1301/F1302 Boreonemoral og sørboreal blandingsskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	27.06.2010, DH & PL
Stadkvalitet:	God

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 21.03.2011, basert på eige feltarbeid 27.06.2010 saman med Perry Larsen. Området er ikkje undersøkt tidlegare.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på nordsida av Andestadvatnet, vest for knuseverket og aust for Andestad. Avgrensinga gjeld ei nokså bratt og søreksponert li med blandingsskog. Området ligg i boreonemoral til sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk

vegetasjonsseksjon. Berggrunnen i området er sure og næringsfattige gneisar (ikkje inndelte), med eit bra innslag av lausmassar.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til rik blandingsskog i låglandet, med utformingane F1301 og F1302 (boreonemoral og boreal blandingsskog). Det vil seie at her er innslag av naturtypar som rik og fattig edellauvskog (med utformingane F0103 rikt hasselkratt, F0106 gråor-almeskog og F0204 hasselkratt), gråor-heggeskog (F0502 liskog) og gammal lauvskog (F0701 gammalt ospeholt, kanskje også litt gammal bjørkeskog F0702). Vegetasjonstypane går i spreidde innslag av lågurtskog, mest småbregneskog og spreidde høgstaudar i sig og langs bekkar. Av treslag vart det registrert alm (NT), ask (NT, i etablering), furu, gran, gråor, hassel, hegg, krossved, osp, platanlønn, rogn og selje. Daudvedaspektet er middels godt utvikla, med ein del liggande, daud lauvved, meir spreidd også somme gaddar.

*Artsmangfald:* Av karplanter kan nemnast bjønnkam, enghumleblom, firblad, grov nattfiol, kranskonvall, kransmynte, liljekonvall, lundgrønaks, myske, myskegras, ramslauk, sanikkel, skogburkne, smørtelg, sumphaukeskjegg, tannrot, trollbær, trollurt og vårerteknapp. Lungeneversamfunnet er noko spreidd på gamle lauvtre, med grynfiltlav, kystvrenge, lungenever, skrubbenever og vanleg blåfiltlav. Truleg kan her forventast å finnast raudlista soppar, helst i gamle, rike hasselkratt. Her er også del av leveområde for kvitryggspett.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området har tidlegare vorte beita, men det er det slutt på no. I dag framstår lokaliteten som ein intakt og gammal blandingsskog som er i ei fin utvikling som naturskog.

*Framande artar:* Gran og platanlønn. Gran er det lite av, medan platanlønna etter kvart har etablert seg i dei nedste delane av lokaliteten.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande treslag bør fjernast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei intakte, dels beita, gamle naturskogane på nordsida av Andestadvatnet og austover mot Søvik.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er stor, intakt og artsrik, og kor det i alle fall i den øvste delen er nokså mykje relativt upåverka naturskog.

## 1528217 Fasteindalen: Leitet

Tidlegare nr.:	BN00042361
Hovudnaturtype:	Myr og kjelde
Naturtype:	A05 Rikmyr
Utforming:	A0501 Rik skog- og krattbevachsen myr
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	12.07.2010, DH
Stadkvalitet:	God

### Områdeskildring

*Innleining:* Omtalen er skiven av Dag Holtan 24.03.2011, basert på eige feltarbeid 12.07.2010. Området er tidlegare undersøkt i samband med planane om kraftlinia Fardal – Ørskog (Gaarder mfl. 2007). På grunnlag av feltarbeidet i 2010 er avgrensinga no utvida.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg ved Leitet i den øvre delen av Fasteindalen, og avgrensinga gjeld eit lite myrområde på begge sider av vegen her. Sjølv om berggrunnen har harde og sure gneisar, tyder plantelivet på at her er mineralrikt og næringsrikt sigevatn. Området ligg elles i mellomboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til rikmyr, med utforminga A0501 rik skog- og krattbevachsen myr. Etter Fremstad (1997) er vegetasjonstypane M1 skog-/krattbevachsen myr og M2 middelrik fastmattemyr med små innslag av M4 rik mjukmatte/lausbotnmyr. Ein kan likevel seie at vegetasjonen også kan minne om dei tilsvarende typane etter Fremstad under bokstav L (L1, L2 og L3), som er intermediære myrtypar, og truleg er det ein god miks mellom rikmyr og intermediær myr.

*Artsmangfald:* Av interessante karplanter kan nemnast bjønnbrodd, breiull, brudespore, dvergjamne, engmarihand, engstorr, fjellfrøstjerne (sjeldan på Sunnmøre), fjelltistel, gulstorr, jáblom, kvitkurle

(NT, fåtaleg), småsivaks, solblom (VU og talrik i kantsoner med 400-700 stenglar), sveltull, svarttopp, sveltull og særburstorr.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Tidlegare har her vore aktivt beita, med det er heilt tilfeldig i dag.

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Vidare utbygging bør ikkje tillatast. Beitetrykket bør aukast for å førebygge auka attgroing.

*Del av heilsakapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein svært viktig del av områda med rikmyr som strekkjer seg frå Fausa i Stranda og 7 km vestover til øvre Velledalen i Sykkylven.

*Grunnngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den er stor, velutvikla og artsrik, med fleire raudlisteartar. Det leggast også vekt på at dette er ein truga naturtype som er svært sjeldan på Sunnmøre (9-10 kjende A-lokalitetar og truleg svært lågt mørketal, med 3 i Ørskog, 1 i Skodje, 1 i Stranda og 4-5 i Sykkylven).

## 1528218 Nysetervatnet: Revsdalselva

**Tidlegare nr.:** BN00015245 og BN00042362

**Hovudnaturtype:** Skog

**Naturtype:** A05 Rikmyr

**Utförming:** A0501 Rik skog- og krattbevaksen myr

**Verdi:** B (viktig)

**Moglege trugsmål:** Fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** 12.07.2010, DH

**Stadkvalitet:** God

### Områdeskildring

*Innleining:* Omtalen er skriven av Dag Holtan 24.03.2011, basert på eige feltarbeid 12.07.2010. Området vart undersøkt også i 2003 (vest for elva), og i 2007 av Tore Frøland (aust for elva). Det er ikkje hensiktsmessig å ha to lokalitetar som grensar inn til kvarandre, med same naturtype og verdi, slik at dei slåast saman her (BN00015245 og BN00042362). På grunnlag av feltarbeidet i 2010 er avgrensinga i tillegg utvida.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på nordsida av Nysetervatnet, eit par km aust for Fjellseter. Sjølv om berggrunnen har harde og sure gneissar, tyder plantelivet på at her er mineralrikt og næringsrikt sigevatn. Området ligg elles i mellomboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon.

*Naturtypar, utförmingar og vegetasjonstypar:* Området førast til rikmyr, med utförminga A0501 rik skog- og krattbevaksen myr. Etter Fremstad (1997) er vegetasjonstypane M1 skog-/krattbevaksen myr og M2 middelrik fastmattemyr med små innslag av M4 rik mjukmatte/lausbotnmyr. Ein kan likevel seie at vegetasjonen også kan minne om dei tilsvarende typane etter Fremstad under bokstav L (L1, L2 og L3), som er intermediære myrtypar, og truleg er det ein god miks mellom rikmyr og intermediær myr.

*Artsmangfald:* Av interessante karplanter kan nemnast bjønnbrodd, blodmarihand (truleg einaste funn på Sunnmøre), breiull, dvergjamne, engmarihand (om lag 200 stenglar), engstorr, fjelltistel, gulstorr, jáblom, kvitkurle (NT, fåtaleg), myggblom (NT, fåtaleg), småsivaks, solblom (VU og fåtaleg i kantsoner), sveltull, svarttopp, sveltull og særburstorr.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Her er inngrep i form av hyttebygging, småvegar og det som høyrer med. Tidlegare har her vore ein del beita, men i dag er den meir tilfeldig.

*Framande artar:* Eitt og anna grantre.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande treslag bør fjernast. Vidare utbygging bør ikkje tillatast. Beitetrykket bør aukast for å førebygge auka attgroing.

*Del av heilsakapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein svært viktig og uerstatteleg del av områda med rikmyr som strekkjer seg frå Fausa i Stranda og 7 km vestover til øvre Velledalen i Sykkylven.

*Grunnngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den er stor, velutvikla og artsrik, med fleire raudlisteartar. Det leggast også stor vekt på at dette er ein truga naturtype som er

svært sjeldan på Sunnmøre (9-10 kjende A-lokalitetar og truleg svært lågt mørketal, med 3 i Ørskog, 1 i Skodje, 1 i Stranda og 4-5 i Sykkylven).



**Figur 21.** Utbygging er eit alvorleg trugsmål mot rikmyrar i heile landet, ikkje berre her ved Revsdalselva. Foto: Dag Holtan.



**Figur 22.** Myggblom (NT) er liten og kan hende lett å oversjå for den som ikke veit kor ein skal leite. Foto: Dag Holtan.

## 1528219 Velledalen: Fonna - Skredene

Tidlegare nr.:	Ny
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F07 Gammal lauvskog
Utfoming:	F0702 Gammal bjørkeskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	07.07.2010, DH
Stadkvalitet:	God

### Områdeskildring

**Innleining:** Omtalen er skriven av Dag Holtan 23.03.2011, basert på eige feltarbeid 07.07.2010. Området er ikke undersøkt tidlegare.

**Geografisk plassering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg om lag ein km vest for Straumgjerde, og gjeld ei nokså bratt, austekspontert li dekt med bjørkeskog. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen i området er sure og næringsfattige gneisar (ikkje inndelte), med eit bra innslag av lausmassar.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Området førast til gammal lauvskog, med utforminga F0702 gammal bjørkeseksjon, kan hende også fuktig kystskog (F0703). Vegetasjonstypane er i hovudsak blåbærskog og småbregneskog, ofte med spreidde høgstaumar og storbregnar. Nærleiken til kysten visast gjennom bra innslag av bjønnkam, smørtelg og storfrytle. Bjørk dominerer heilt, med innslag av andre treslag som gran, gråor, hassel, hegg, osp, rogn og selje. Daudvedaspektet er ofte godt utvikla, og særleg liggande daud ved er utbreidd, men også med innslag av høgstubbar.

**Artsmangfold:** Av karplanter er her stort sett berre vanlege og vidt utbreidde artar, med funn av bjønnkam, hengejaks, krattlodnegras, raggtelg, skogburkne, smørtelg, storfrytle, sumpfaukeskjegg, sølvbunke og trollurt. Lungeneversamfunnet er til stades, men neppe svært godt utvikla, med funn av

vanlege artar som grynfiltlav, lungenever, skrubbenever og vanleg blåfiltlav. Her er også del av leveområde for kvitryggspett.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Innslag av søyleeiner, krattlodnegras og sølvbunke indikerer eit høgare beitetetrykk tidlegare enn i dag, og denne bruken er det nesten slutt på. Skogen er no i ei fin utvikling som naturskog.

*Framande artar:* Gran finst spreidd.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande treslag bør fjernast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei nokså identiske, intakte bjørkeskogane ein finn over ei strekning på 8-9 km på vestsida av Sykkylvsfjorden og eit stykke inn i Velledalen.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi B (svært viktig) fordi den er intakt, nokså stor og representativ for dei kystnære, gamle bjørkeskogane i distriktet.

## 1528220 Søvika: Søvik nedre

Tidlegare nr.:	Ny
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F13 Rik blandingsskog i låglandet
Utforming:	F1302 Sørboreal utforming
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Hogst, treslagskifte og andre fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	26.07.2010, Dag Holtan og Perry Larsen
Nøyaktigkeit på avgrensning:	20 m

### Omtale

*Innleiing:* Omtalen er utarbeidd av Dag Holtan 24.11.2010 basert på eige feltarbeid 26.07.2010 saman med Perry Larsen. Området er ikkje undersøkt tidligare.

*Lokalisering/avgrensing/naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg ved grenda Søvik, ved Storfjorden aust i Sykkylven kommune. Avgrensinga gjeld ei nokså bratt, austeksponert li ned mot fjorden. Berggrunnen har sure og harde gneisbergartar, med levevilkår for i hovudsak nøysame karplantar. Området ligg elles i sørboreal vegetasjonssone (Sb) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar/vegetasjonstypar:* Sidan området er ført til F1302 sørboreal blandingsskog er her naturleg nok ei blanding av mange ulike natur- og vegetasjonstypar, og det er ikkje gjort nokon freistnad på å beregne prosentdelen for dei ulike typane. I dei nedre delane, mest mot sør, er det til dels svært gamle, fattige hasselkratt (F0204), ofte med innslag av grovvaksen bjørk. På frisk til fuktig mark er det oppslag av gråor-heggeskog (F0501/0502), med rikare sumpskog (F0601) på meir overrisla mark. Øvst oppe er det i tillegg både gamle ospeholt (F0701) og ein del gammal bjørkeskog (F0702). Hassel er utbreidd i heile området. Gamle og grove tre er vanlege, og det same gjeld for liggande, daud ved, ofte i grove dimensjonar. Småbregneskog (A5a) og høgstaude-storbregneskog (C1b, C1c) er vanlegaste vegetasjonstypar, meir spreidd er det også noko utarma lågurtvegetasjon, medan blåbærskog og rik sumpskog (E4) kjem inn på høvelege stader. Av treslag vart det registrert bjørk, gran, gråor, hassel, hegg, osp, platanlønn, rogn, selje og svartor.

*Artsmangfald:* Mest interessant og eit svært overraskande plantefunn var ein god bestand av kystmaigull etter et bekkefar og i sumpskog. Funnet er ein utpostlokalitet i høve til hovudutbreiinga på ytterkysten. Elles kan nemnast bruntelg, enghumleblom, grov nattfiol, jordnøtt, kranskonvall, kvitbladtistel, mannasøtgras, ramslauk (talrik, og ein utpostlokalitet), skogburkne, skogsalat, skognelle, skogsvinerot, smørtelg, storfrytle, sumphaukeskjegg (i mengder i rik sumpskog), sumpkarse og trollurt. Hausten 2010 var tørr, og det vart ikkje funne interessante soppar (det forventast heller ikkje, kan hende med unntak for artar bundne til daud ved). Samstundes er her tydeleg ikkje dei beste levevilkåra for kravfulle lavartar, med einskilde funn av lungenever og skrubbenever. Dronningmose er svært vanleg i skuggefulle, fuktige parti. Full artsliste for mosane ligg på <http://www.artsobservasjoner.no/>, men det er helst vanlege og vidt utbreidde artar.

*Påverknad/bruk/truslar:* Særleg den sørlege delen ser ut til å ha vore intensivt beita tidlegare, med eit nokså utarma planteliv, men dette er det slutt på no. Dagens truslar er knytte til spreing av gran og platanlønn, og eventuelle fysiske inngrep som drenering, hogst og treslagskifte.

*Framande artar:* Platanlønn er i spreiing i dei nedre delane mot sør, medan gran veks hist og her.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep, og det er i skogområde generelt ønskeleg at dei får utvikle seg vidare til kontinuitetsskog. Framande treslag bør fjernast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein svært viktig del av dei intakte, dels beita, gamle naturskogane på nordsida av Andestadvatnet og austover mot Søvik.

*Verdivurdering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at den er stor og intakt, med mykje gammalskog og mange ulike natur- og vegetasjonstypar. Førekomsten av kystmaigull og rik sumpskog i nedre delen vektleggast også høgt. Denne skogtypen er sjeldan på Sunnmøre, og særleg gjeld det for den uvanleg gode og representative utforminga som ein finn her.



Figur 23. Sumpaukeskjegg i mengder i rik sumpskog er ikke vanleg på Sunnmøre. Foto: Dag Holtan

## 1528221 Fasteindalen: Forseggene

Tidlegare nr.:	BN00015229
Hovudnaturtype:	Fjell
Naturtype:	C01 Kalkrike område i fjellet
Utföring:	C0102 Leside, C0104 Bergknaus og rasmark
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	23.07.2003, DH
Stadkvalitet:	God

### Områdeskildring

*Innleining:* Omtalen er skiven av Dag Holtan 24.03.2011, basert på eige feltarbeid 23.07.2003. Her er berre omtalen endra, medan avgrensinga behaldast uendra.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på austsida av Fasteindalen, innanfor Årsetvatnet på grensa til Stordal kommune. Området ligg i mellom- til nordboreal vegetasjonssone (Sb) og klart oceanisk vegetasjonsseksjon (O2). Berggrunnen er næringsrik og interessant, med m.a. glimmerskifer og glimmergneisar, og er ein vestleg utløpar av Surnadekket.

*Naturtypar, utföringar og vegetasjonstypar:* Området førast til kalkrike område i fjellet, med utföringane leside (C0102) og bergknaus og rasmark (C0104), med vegetasjonstypar etter Fremstad (1997) som rasmark (F1), bergknaus og bergflate F3) og lesidevegetasjon (S), utan at undertypane er grundig kartlagde.

*Artsmangfald:* Av karplanter kan nemnast kravfulle artar som bjønnbrodd, blankstorr, breiull, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjellkvitkurle, fjellsmelle, fjellstorr, fjelltistel, flekkmure, grønkurle, gulsert, gulstorr, hårstorr, jåblom, kastanjesiv, myrsaulauk, raudsildre, rynkevier, snøbakkestjerne, sotstorr, svartstorr, svarttopp, taggbregne, tranestorr, trillingsiv og tvillingsiv. Fleire av desse er

regionalt sjeldne og er på eller nær si vestgrense. M.a. er ikkje fjellfrøstjerne, fjellkvitkurle eller snøbakkestjerne tidlegare funne på vestsida av Storfjorden.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Utanom tidlegare beite, som er meir tilfeldig i dag, er det ingen teikn på negativ kulturpåverknad.

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Eit ekstensivt beite vil vere ein føremon for dei minste plantene, som ikkje er konkurransedyktige ved attgroing.

*Del av heilsakleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein svært viktig del av dei rikare fjellområda som ein finn nokre få av i Sykkylven mellom Storfjorden i aust og Hjørundfjorden i vest.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den er artsrik og intakt, med fleire regionalt sjeldne artar som her er på si vestgrense, samt at kalkrike område i fjellet, som er svært sjeldne på Sunnmøre, har sine utpostlokalitetar regionalt i Sykkylvsfjella.

## 1528222 Fasteindalen: Blådalen

Tidlegare nr.:	BN00015234
Hovudnaturtype:	Fjell
Naturtype:	C01 Kalkrike område i fjellet
Utforming:	C0102 Leside, C0103 Snøleie, C0104 Bergknaus og rasmark
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	27.07.2003, DH & Karl Johan Grimstad
Statkvalitet:	God

### Områdeskildring

*Innleiing:* Omtalen er skiven av Dag Holtan 24.03.2011, basert på eige feltarbeid 27.07.2003 saman med Karl Johan Grimstad. Her er berre omtalen endra, medan avgrensinga behaldast uendra.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på vestsida av Fasteindalen, sør for Løsetvatnet. Området ligg i nordboreal til lågalpin vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). Berggrunnen er næringsrik og interessant, med m.a. glimmerskifer og glimmergeisar, og er ein vestleg utløpar av Surnadekket.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Området førast til kalkrike område i fjellet, med utformingane leside (C0102) og bergknaus og rasmark (C0104), med vegetasjonstypar etter Fremstad (1997) som rasmark (F1), bergknaus og bergflate (F3), lesidevegetasjon (S) og snøleie (T), utan at undertypane er grundig kartlagde.

*Artsmangfold:* Av karplanter vart det påvist bekkesildre, bjønnbrodd, brudespore, dvergjamne, fjellbakkestjerne, fjellsmelle, fjellstorr, fjelltistel, flekkmure, grannsildre (NT), gullmyrklegg, gulsildre, gulstorr, hårstorr, jáblom, kastanjesiv, marinøkkel, raudsildre, rynkevier, sotstorr, svartstorr, svarttopp, taggbregne, tranestorr, trillingsiv, tvillingsiv og dei raudlista artane kvitkurle (NT) og solblom (VU). Særleg overraskande var det å finne solblom heilt oppe på 880 m o.h. Gullmyrklegg er ikkje tidlegare funnen vest for Storfjorden. Også for bekkesildre og grannsildre vart det ny vestgrense, medan både blankstorr, fjellstorr, flekkmure, kastanjesiv, rynkevier og sotstorr er svært sjeldne på denne sida av fjorden.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Utanom tidlegare beite, som er meir tilfeldig i dag, er det ingen teikn på negativ kulturpåverknad.

*Framande artar:* Ingen påvist.

*Omsyn og skjøtsel:* Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Eit ekstensivt beite vil vere ein føremon for dei minste plantene, som ikkje er konkurransedyktige ved attgroing.

*Del av heilsakleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein svært viktig del av dei rikare fjellområda som ein finn nokre få av i Sykkylven mellom Storfjorden i aust og Hjørundfjorden i vest.

*Grunngjeving for verdivurdering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den er artsrik og intakt, med fleire raudlisteartar eller regionalt sjeldne artar som her er på si vestgrense, samt at kalkrike

område i fjellet, som er svært sjeldne på Sunnmøre, har sine utpostlokalitetar regionalt i Sykkylvsfjella.



**Figur 24.** *Gullmyrklegg* er ei vakker, eksklusiv fjellplante som med funnet i Blådalen vart ny for vestsida av Storfjorden. Foto: Dag Holtan.

## 4.3 Evaluering av nokre lokalitetar i Naturbase

Mange av lokalitetane som ligg inne i Naturbase vart ikkje prioriterte ved felter arbeidet i 2010, men for somme vart det likevel gjort ein rask feltsjekk. Dei nyare undersøkingane i bekkekløfter, edellauvskogar og kulturlandskap osb. står på eigne bein, med greie omtalar, og treng i hovudsak ikkje evaluerast no.

**Tabell 6.** Status og kommentar for en del av dei gamle lokalitetane i Naturbase.

Naturbase ID	Lokalitetsnamn	Status	Kommentar
BN00015225	Rømerhornsheiene	Intakt	Naturreservat
BN00015227	Fauskesetra og Vassetsetra	Intakt	Bør kartleggast på nytt
BN00015231	Årsetsetra	Attgrodd	Verdi husterast til C, eller lokaliteten slettast frå naturbase
BN00015233	Vestre Melsetdalen	Intakt	Ingen spesielle tiltak
BN00015235	Hundeidvik: Storeidet	Intakt	Naturreservat
BN00015236	Aurdalen: Heiane	Intakt	Her kjem truleg kraftlinjer i samband med Fardal – Ørskog
BN00015237	Aurdalssetra, øvste stølen	Attgrodd	Lokaliteten bør slettast frå naturbase, då den er liten og stort sett attgrodd
BN00015238	Grepstadstølen	Intakt	Her er det no nokså sterkt attgroing, og tiltak må settast i verk for å berge lokaliteten
BN00015239	Eidemstølen	Attgrodd	Lokaliteten bør slettast frå naturbase, då den er liten og stort sett attgrodd
BN00015240	Furesetra	Attgrodd	Lokaliteten bør slettast frå naturbase, då den er liten og heilt attgrodd
BN00015241	Gjevenes	Intakt	Beitetrykket bør aukast
BN00015242	Rikmyr vest for Furesetra	Intakt	Bør beitast meir
BN00015243	Gjevenesstranda	Intakt	Naturreservat
BN00015244	Nysetra	Intakt	I god stand i 2010, beiting med hestar og sauvar
BN00015246	Megardsstølen	Intakt	Bra med sauvar i 2010, men her bør ryddast kratt
BN00015248	Ladstølen	Attgrodd	Her er eit bra kaos med beiting, utbygging og attgroing, høyrer truleg ikkje heime i naturbase
BN00015249	Dravlausstølen	Intakt	Verdi oppgraderast til A grunna solblomen, som framleis generelt er i tilbakegang
BN00015250	Fitjastølen	Attgrodd	Lokaliteten bør slettast frå naturbase, då den er liten og stort sett attgrodd
BN00015251	Drottninghaug - Sunndalen	I attgroing	Her beitast, men no er det på tide å rydde framande treslag og fjerne buskar og kratt, då dette er ein av dei viktigaste solblomlokalitetane nasjonalt
BN00015252	Reiten	Intakt	Framleis god og fornuftig drift
BN00015253	Myrdalssetra	Intakt	Verdien oppretthaldast, og her bør kartleggast på nytt i ein god soppesong
BN00042360	Aurdal	Ukjent	Rotete omtale og uklare naturtypar. Bør kartleggast på nytt
BN00062489	Løsetbekken (mot Storfjorden)	Intakt	Nykoming frå bekkekløftprosjektet i 2008

# 5 Raudlista

Eit sentralt verktøy for å identifisere og klassifisere viktige område for biologisk mangfald er førekomst av raudlisteartar. Den norske raudlista vert oppdatert med jamne mellomrom av ArtsDatabanken. Den siste kom i 2010 (Kålås mfl. 2010) og er basert på kjent kunnskap om ca. 35 000 artar innanfor ulike artsgrupper. 21,8 % av disse artane er ført opp på raudlista (4599 artar).

Raudlistekategoriar: NT= nær trua, VU= sårbar, EN= sterkt trua, CR= kritisk trua og DD= dårlig datagrunnlag. For ein grundigare gjennomgang av raudlista og kategoriar visast det til Kålås mfl. (2010).

## 5.1 Raudlisteartane i Sykkylven

### 5.1.1 Sopp

17 raudlista soppar er så langt kjende frå Sykkylven. Dette er eit svært lågt tal, og dei fleste er heimehøyrande i tradisjonelt drive kulturlandskap. Fleire bør finast i rik edellauvskog, gammal og intakt oreskog og kan hende i gammal furuskog (på daud ved). Opplysningar om funn er frå NorskSoppDatabase (<http://www.nhm.uio.no/botanisk/sopp/index.html>), sjekka 14. mars 2011.

- 1) Gulbrun narrevokssopp *Camarophyllopsis schulzeri* (NT) hører til beitemarkssoppane, og vart funnen ved Grepstadstøylen i 1995.
- 2) Halmgul køllesopp (VU) er også bunden til tradisjonelt drive kulturlandskap, og er funnen på Bøteigen ved Drottninghaug i 1999.
- 3) Fiolett greinkøllesopp *Clavaria zollingeri* (VU) veks helst i tradisjonelt drivne slåtteenger eller naturbeitemarker, og er m.a. funnen ved Furesetra i 1995.
- 4) Praktslørsopp *Cortinarius cumatilis* (NT) veks gjerne i rik barskog o.a., og vart funnen under bekkekloftprosjektet i 2008 ved Løsetelva (den som renn ut i Storfjorden).
- 5) Glasblå raudskivesopp *Entoloma caeruleopolitum* (VU) hører også heime i det gamle kulturlandskapet. Tre funn i gamle slåtte- og beitemarker til no.
- 6) *E. fuscotomentosum* veks i Reiten naturbeitemark ved Drottninghaug, og vart funnen her i 1999.
- 7) Semska raudskivesopp *E. jubatum* (NT) er ein av mange raudskivesoppar som er bunden til gammalt kulturlandskap, med to funn registrerte frå slike miljø i Sykkylven til no.
- 8) Sumpjordtunge *Geoglossum uliginosum* (EN) er av dei sjeldnare kulturmarksartane, med funn ved Drottninghaug i 1995, i ugjødsla ljåslåttemark.
- 9) Gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes* (NT) er ein av mange fagervokssoppar som er bunden til gammalt kulturlandskap, og er funnen fem stader i kommunen.
- 10) Musserongvokssopp *H. fornicata* (NT) er ein av mange fagervokssoppar som er bunden til gammalt kulturlandskap, men veks òg i rik edellauvskog. 2 funn i Sykkylven.
- 11) Raudnande lutvokssopp *H. ingrata* (VU) er ein av dei meir kravfulle fagervokssoppane som er bunden til gammalt kulturlandskap, og er funnen ved Grepstadstøylen.
- 12) Skifervokssopp *H. lacmus* (NT) er ein av mange fagervokssoppar som er bunden til gammalt kulturlandskap, med funn ved Årsetsetra. Her har det grodd att sidan funnet i 1995.
- 13) Lutvokssopp *H. nitrata* (NT), er ein av mange fagervokssoppar som er bunden til gammalt kulturlandskap, med to registrerte funn i kommunen til no, m.a. ved Bjørnavika.
- 14) Svartdogga vokssopp *H. phaeococcinea* (NT) er ein av mange fagervokssoppar som er bunden til gammalt kulturlandskap. Eitt funn til no.
- 15) Raud honningvokssopp *H. splendidissima* (VU) er ein av dei meir kravfulle fagervokssoppane som er bunden til gammalt kulturlandskap, og er funnen ved Drottninghaig.
- 16) Mørkskjela vokssopp *H. turunda* (VU) er ein av dei meir kravfulle fagervokssoppane som er bunden til gammalt kulturlandskap, og er funnen Myrdalssetra.

- 17) Narrepiggsopp *Kavinia himantia* (NT) veks ofte på bark av gammal alm, og er funnen ved Gjevenesstranda (i naturreservatet) og Byrkjeneslia.

### 5.1.2 Karplanter

Det ligg føre opplysningar om 7 raudlista karplanter i Sykkylven. Dette er eit svært lågt tal, men det skal også godt gjerast å finne mange fleire. Dei fleste funna er frå Artsdatabanken (<http://www.artskart.artsdatabanken.no>) 28.02.2011.

- 1) Alm *Ulmus glabra* (NT) er spreidd over store deler av Sykkylven, mest i rike og soleksponerte lier. Grunnen til den nye raudlistestatusen (frå 2006) er almesjuka og at beiting frå hjort mange stader er eit alvorleg trugsmål.
- 2) Ask *Fraxinus excelsior* (NT) er òg relativt utbreidd i låglandet i kommunen og raudlista av liknande årsaker som alm.
- 3) Barlind
- 4) Grannsildre *Saxifraga tenuis* (NT) veks på litt våte stader i fjellet, og vart funnen ved Littlehornet (sør for Melsetdalen) i 2003.
- 5) Kvitskurle *Pseudorchis albida* (NT) er ein sjeldan og kravfull orkidé. I låglandet er den gjerne knytt til rik naturbeitemark og slåttemark, men den finst også i kantar av rikmyr, i rik fjellbjørkeskog og i rik rasmark. I Sykkylven er det mange funn frå slike miljø, og dei fleste vart gjort under kartlegginga i 2003, men med somme funn også i 2010. Ein skal vere merksam på at den lett kan forvekslast med fjellkvitskurle *P. alpina*, som alltid veks på kalkgrunn.
- 6) Myggblom *Hammarbya paludosa* (NT) er bunden til sig på rikmyr, og er funnen på det store rikmyrkomplekset ved Revsdalselva.
- 7) Solblom *Arnica montana* (VU) har gått sterkt attende i nyare tid, og er truleg avhengig av skjøtsel for å overleve. I Sykkylven er det framleis gode bestandar i dei fuktige og gamle beiteskogane aust Drottninghaug og austover og nedover i Fasteindalen, med mange småbestandar hist og her.

### 5.1.3 Lav

- 1) Gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT) er typisk for gamle barskogar, og er funnen på nokre få tre øvst i Løsetelva og så vidt på Blakstadfjellet.

### 5.1.4 Mosar

- 1) Praktdraugmose *Anastrophyllum hellerianum* (VU) er ein sørleg, sterkt oseanisk moseart som vart funnen som ny for kommunen under undersølingane i 2010. Den er utbreidd i kystfjellheiene frå Riksem til Brunstad, med nokså gode bestandar nedst på skuggesida av Velledalen. Trugsmål mot arten kan vere slutt på beiting, eller attgroing dersom klimaet medverkar til at skoggrensa kryp meir oppover.

# 6 Kjelder

## 6.1 Litteratur

Direktoratet for naturforvaltning 2006 (oppdatert 2007). Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13-1999.

Folkestad, A. O. & Bugge, O. A. 1988 Varmekjær lauvskog i Storfjorden og Hjørundfjorden. Rapport fra synfaring med båt 1987. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavdelinga, rapport no. 3-1988. 26 s.

Fremstad E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Fremstad, E. & Moen, A. (red.), 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. NTNU rapport botanisk serie 2001-4.

Gaarder, G., Holtan, D., Jordal, J.B., Larsen, P. & Oldervik, F. 2005. Marklevende sopper i hasselrike skoger og mineralrike furuskoger i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, areal- og miljøvernnavdelinga. Rapport 2005: 3. 101 s. inkl. kart og bilder.

Holien, H. & Tønsberg, T. 2006. Norsk lavflora. Tapir forlag. 224 s.

Holtan, D. 2001. Barlinda *Taxus baccata* L. i Møre og Romsdal - på veg ut? Blyttia 59: 197-205.

Holtan, D. 2003. Kartlegging av biologisk mangfold, Sykkylven kommune. Rapport Sykkylven kommune. 61 s.

Holtan, D. 2006. Sunnmørsørskåpe *Alchemilla semidivisa* – ikke nordborealt tyngdepunkt. Blyttia 64: 89.

Holtan, D. & Grimstad, K.J. 2007. Gimsdalen kraftverk, Sykkylven. Virknings på biologisk mangfold. 22 s.

Holtan, D. & Grimstad, K.J. 2007. Løvoll kraftverk, Sykkylven. Virknings på biologisk mangfold. 20.

Holtan, D. & Grimstad, K.J. 2008. Aurdalselva kraftverk. Virknings på biologisk mangfold. 20 s.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1999. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.

Jordal, J.B., Holtan, D., Gaarder, G. & Grimstad, K.J. 2006. Status for solblom *Arnica montana* i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Blyttia 64: 213-230.

Korsmo, H. & Svalastog, D. 1997 Inventering av verneverdig barskog i Møre og Romsdal. NINA oppdragsmelding 427. 106 s.

Krog, H., H. Austhagen & T. Tønsberg, 1994. Lavflora. Norske busk- og bladlav. 2 utgave. Universitetsforlaget. 368 s.

Kålås, J.A., Viken, Å., Henriksen, S. & Skjelseth, S. (red.) 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norge.

Lid, J. & Lid D. T. 2005. Norsk flora. 7. utgåve ved Reidar Elven. Det Norske Samlaget, Oslo. 1230 s.

Miljøverndepartementet 1992. Norsk oversettelse av Konvensjonen om biologisk mangfold: St. prp. nr. 56 (1992-93).

Miljøverndepartementet 1997. Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling – Dugnad for framtida. St. meld. nr. 58 (1996-97).

Miljøverndepartementet 2001. Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning. St. meld. Nr. 42 (2000-2001).

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.

Moen, A. 1984 Myrundersøkelser i Møre og Romsdal i forbindelse med den norske myrreservatplanen. Kgl. norske vidensk. selsk. Mus. Rapp. Bot ser. 1984-5.

Tveten, E., Lutro, O. & Thorsnes, T. 1998. Geologisk kart over Noreg, berggrunnskart Ålesund, M 1: 250 000. Noregs geologiske undersøking.

## **6.1 Munnlege kjelder**

Karl Johan Stadsnes, Sykkylven

## **6.2 Verdsvevressursar**

Følgjande databaser vart sjekka i mars 2011:

Norsk SoppDatabase: <http://www.nhm.uio.no/botanisk/sopp/>


Norsk LavDatabase: <http://www.nhm.uio.no/lav/web/index.html>

Norsk MoseDatabase: <http://www.nhm.uio.no/botanisk/mose/>


Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/FaneArtSok.aspx>

Naturbase: <http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/>

# 7 Kartvedlegg



**NB!** Kartet viser ikkje gamle område med nykartlegging kor avgrensinga ikkje vart endra!



**Kommentar til dekningskartet:** Raudfargane er kan hende noko uklare. I alle fall er det dei lyse feltene i fjorden og dalane som har best dekningsgrad.

# NYSÆTEROMrådet

